

~~Styrkearbeid
ved Mørøy~~

Styrkearbeid
ved Mørøy

Målsak og freistnader på samtidgransking s. 1

1 Helsestellet og olja s.2

2 Internasjonalt hopehav s.2

3 Satellittfjernsyn s.3

4 Språkteknologi s.3

Analyse av målrørsla, serleg Noregs Mållag s.4

Norsk Målungsdom s.4

Generelt um målrørsla og Noregs Mållag s.5

Vestmannalaget organisatoriske utbydingar s.8

Lag, institusjonar og fond som er knytt til Vestmannalaget s. 11

fond s. 11

Samarbeidspartnarar Ivar Aasen- Sambandet og Vestlandske Mållag s. 11

Lokallag i Vestlandske Mållag s. 12

eksterne lag og institusjonar som Vestmannalaget er med i s. 15

Miljø med lausare tilknyting til Vestmannalaget s. 18

Tenkjeleg samarbeidspartnarar s.20

Konklusjon s. 22.

Målsak og freistnader på samtidsgrånsking

For at ein skal kunna gje seg tankar um målpolitikk må ein gje seg tankar um samtid. Då spør ein seg først. Korleis skal me forstå samtid? Kva er det for eit samfund som ligg fyrre oss. Samfundsforskarar, filosofar og andre kloke folk hev freista å analysera samtid i vår.

Dei meiner mange ting og hev mange teoriar. Eg låner litt av kvart frå analysane til desse teoretikarane. Eg tykkjer det er rimeleg å dela samfundet inn i sektorar som er knytt til jordbruk og fiske, industri og ein tridje som romar høgteknologi, informasjonsteknologi og anna. Ein framtidforskar hev kalla dette den første bylgja knytt til jordbruksrevolusjonen, den andre bylgja knytt til den industrielle revolusjonen og den tridje bylgja knytt til informasjonsteknologien.

Det gjeng fyrre seg ei mannjamning um korleis me skal forstå politikken i dag. Den gamle inndelingi i ei høgre og ei vinstresida i politikken stend for fall. Men ekspertane stridest um nye inndelingar. Det vert hevdat at det hev vakse fram ei millomklassa som femnar um storhopen av folket. Dei produserar meir og meir immaterielle tenestor. Men det vert ein heil slump menneske som fell utanfor i samfundet av ymse årsaker. Skilnaden millom dei som hev det godt, slik som fleirtalet hev og dei som fell utanfor vert markert. 2/3 samfundet hev vorte eit umgrep. Mange gamle treng umsorg, sjukdomar kann lækjast for dei som hev pengar. Dei som ikkje hev pengar risikerar å døy.

Den offentlege sektoren i Noreg veks kring tri hovudlinor helsestell, utdanning og oljesektoren. Dei immaterielle verdiane som Vestmannalaget og andre iderørslor stend for, må operera innanfor det samfundet me stend andsynes. Noreg er eit land som er prega av at mange tek utdanning og mange arbeider med undervisning og anna formidlingsarbeid, mange arbeider i helsestellet og i oljesektoren. Millom anna med utgangspunkt i det eg skriv ovanfor vil eg peika på sume tilhøve som relaterast til språk..

1

Serleg i helsestellet og oljesektoren er det eit sterkt språkleg konformitetspress. Det vert lagt vekt på at ein skal utvikla og nytta engelsk og latinsk terminologi. Bokmål kjem i andre rekkja og nynorsken vert ofte heilt ignorert. Språkevna vår vert sløva når me vene oss til å nytta därlege umsetjingar frå engelsk og latin. Det vert hevda at utviklingi gjeng so snøgt at det er ikkje tid eller økonomi i å nytta eit sernorsk språk.

Då må me protestera og segja frå um at me ikkje vil gjeva slepp på serpreget vårt. Er det økonomien som skal styra, so hev me ikkje mykje å fara med i framtid. Det er ikkje slik mange trur at det er olja i havet me skal leva av. Det er snarare tankane våre. Det er planane yver korleis olja kann hentast upp, og det er dei generelle kunnskapane som avgjer meir enn naturresursane. Dersom me segjer at utlendingane hev funne ut alt som er glupt når det gjeld utstyr og teknologi, må det verta vanskeleg for oss å finna på noko nytt. Dette må me få fram.

2

Det vert det stødt vanlegare å reisa. Utanlandsreisor er vanleg for mange. Og upplevelingar og menneske kryssar grensor. Det burde gjera oss språkinteresserte. Dessutan kjem det mange utlendingar til Noreg. Det er menneske frå ei rad ulike nasjonar som hev busett seg i Noreg. Dette er ein rikdom som målrørsla må utnytta med å få dei i tale. Altfor ofte vert det snakka fint um at ein skal vera internasjonal, men når det ber til stykkje gjer målrørsla fint lite til å gjera utlendingar merksame på nynorsken. Jamvel i nynorskstrof gjeng norskupplæringi fyre seg på bokmål. Det er ein skandale. Ei onnor sak er det at norskupplæringi reint ålment hev vore lågt prioritert. Det hev vorte lagt for lite vekt på forsking som fær fram skilnaden millom upphavsspråk og målspråk. Alle utlendingar kann ikkje læra seg norsk like lett og etter same metode i eitt og alt. Dessutan er det verd å merka seg at det vert gjeve morsmålsupplæring til utanlandske skuleborn. Kva røynslor hev morsmåslærarane? Korleis lærer borni språk? Dette er spørsmål som mange skulde ha hug til å få høyra meir um.

3

5

Det som vil ha mest å segja for språkutviklingi er kommunikasjonsvilkåri. Verdsens leidande datafirma Microsoft hev engasjert seg sterkt for å få yverført telenettet til satellitt. All datakommunikasjon og fjernsynsyverføring skal i framtid i gå fyre seg via satellitt er det likt til. Alt no hev det kome til noko ein kalla for satellittfjernsyn. Det vil segja at mottakaren fær ei pakka med 100 ulike fjernsynskanalar. Dei store mediekonserni i verdi hev kjøpt seg inn på ordningar med yverføringar av store mengder fjernsynskanalar um gongen. Det vil koma ei sameining millom data- og fjernsynsapparat. Alt i dag kann ein sjå fjernsyn på internett.

4

Men framtid hev meir å by på. Sjølve skrivekunsti er i ei stor umforming. På engelsk finst det no taleteknologi. Dvs. at ein kann snakka til ei datamaskin og få tekst ut på skjermen. Dette kjem til å spreida seg. Ein vil få alle typar applikasjonar som vert røystestyrde. Me data teknologien hev ein slokke å skriva umatt tekst. Det hev gjort sitt til å auka tekstproduksjonen mykje. Tekstproduksjonen kjem ikkje til å verta mindre frametter. Den einskilde språkbrukaren kjem til å ytra seg meir. Alt i dag er tekstmeldingar på mobiltelefon og epost via internett i kraftig vokster.

Det som er viktig for oss er å få fram språket og nynorsken. Det er fåe som tenkjer mykje på språk. Språk er sjølv sagt for dei fleste. Kombinasjonen av at folk skriv mykje utan å tenkja yver språket, hev mykje fritid og mange handfaste interesser, gjer det vanskeleg å tematisera språk. Språk er abstrakt. Språk umfattar kjenslor, upplevelingar, handlingar og mykje meir.

Me må syna at kultur og kunst i Noreg er knytt til det norske språket. Å vera målmann er å auka upp kunnskapane sine um det som hev vore produsert av kunst og kultur i Noreg og um dei språklege serpregi i landet. Det gjer ein automatisk, soframt ein vert knytt til målrørsla. Men i det samfundet me lever i idag, er det etter måten liten uppslutnad um nynorsk kultur. Det fører til at det utfra dei økonomiske lovene um tilbod og etterspurnad ikkje løner seg å produsera nynorsk litteratur og avisor. Ein må operera med eit konsumentunderskot. Konsumentyverskotet må dekkjast inn. Det vil segja at staten gjeng inn og legg ut for det som folk flest skulde ha betala um marknadslovene hadde verka.

Me må ha grunn til å tru at det er mange som ynskjer å skapa kunst og kultur og skriva mykje. Det som manglar er kanskje å få løyst ut evnor eller å få dei resursane som krevst. Vestmannalaget og målrørsla driv upplysningsarbeid. Upplysningsarbeidet vårt må retta seg mot nye grupper og finna nye uttrykksformer. Me må nå ut til folk. Me må nå fram til søkjande kunstnarar, kulturpersonlegdomar og skribentar.

Analyse av målrørsla, serleg Noregs Mållag

Noregs Mållag på 1990-talet hev vore prega av ulike straumdrag. Parallelklassearbeidet i dei store byane hev lukkast. I Oslo og Trondheim hev det vorte skipa parallelklassar two år på rad i Bergen hev det lukkast two gonger med nokre års millomrom. I Oslo vert det no kvart år skipa til parallelklassar.

Frå 1994-1995 var det mykje snakk um jamstellingsarbeid. Olav Randens styre sett i gong eit stort arbeid her. Det arbeidet havarerte på landsmøtet i 1995. I 1995 vart det fastslege at skulemålsarbeidet skulde ha fyrste priorititet i arbeidet. Det hev skulemålsarbeidet framleis. Mot slutten av 1990-talet frå 1998 hev nynorsk i næringslivet vorte eit nytt hovudfokus i målarbeidet. Vinterseminaret i 1999 hadde dette emnet på saklista. Mållaget ynskjer å styrkja medvitet um å handla nynorske produkt og dette arbeidet vert førd vidare med mange lokale engasjement.

Norsk Målungdom hev arbeidt med mange viktige saker på 1990-talet. I dei seinste åri hev arbeidet med temadagsprosjekt teke mykje tid. Målungdomen/NMU hev reist mykje, serleg i Hordaland. I eit samarbeid med Hordaland Mållag hev NMU kartlagd språkhaldningar hjå elevar i nynorskumråde. Det hev synt seg at negative og likesæle haldningar til nynorsken kann endrast.

NMU hev elles markert seg serleg sterkt gjennom at organisasjonen hev arbeidt for nynorske parallelutgåvor av læremidlar. I 1997 samla NMU tusundtals ungdomar i protestar mot den

nye upplæringslovi som ikkje tryggja parallellutgåvor av lærebøkene. Arbeidet vart fylgd upp med at NMU la ut ei umsett lærebok på internett for å demonstrera mot at papirutgåva av boki ikkje låg fyre på nynorsk og soleis ikkje skulde brukast. NMU oppmoda skulelevane til å lasta boki ned. Aksjonen vart stoppa og NMU måtte ut med ei bot.

Landssamanslutningi for nynorskkommunar vart skipa midt på 1990-talet. Organisasjonen kann ha tyngd. Og hev markert seg i nokre høve. Men ålment sett hev det vore låg aktivitet.

Generelt um målrørsla og Noregs Mållag

Norsk Målungdom var svært radikal i målpolitikken for 10 år sidan. På den tid var det illegitimt å diskutera ei rad saker i Noregs Mållag/NM nasjonalisme,normeringspolitikk,dialektutvikling. Det hev endra seg til det betre. Men ordskiftet hev teke uante vendingar. Både i 1998 og i 1999 diskuterte NM rettskrivingsspursmål. Båe åri men serleg i 1999 vart det klårt at ordskiftet kring desse emni vart paradoksalt. Ved inngangen til 1990-talet var det å stå for høgnorsk å stå for einskap og fast leid i rettskrivingi. Me som var for høgnorsk argumenterte mot mangfelde og yverdriven valfridom innførd gjennom teknokratiske maktinngrep frå 1930-talet av og framover. Ved utgangen av tiåret var det bersynt at ting hadde snutt seg rundt. No vart det sett på som einskapleg å fylkja seg um gjeldande nynorsk, samlagsnormalen. Medan dei som var for høgnorsk vart rekna for dei som vilde utvida valfridomen og utfordra einskapen i rettskrivingi. Dette hev ført med seg ei rad paradoksale ordskifteinnlegg. Tiåret under eitt må ein segja at ordskifteklimaet i NM hev betra seg. Rettskrivingsemni hev vorte aksepterte i større eller mindre grad. Og NM er no offisielt mot samnorskpolitikken. Men skal ein konkludera, må ein segja at det trengst opposisjon mot den haldningsløysa som NM gjekk inn på på siste landsmøte.

Ein kann undra seg yver kva som er dei nye ordskiftesakene og visjonane innanfor NMU og NM. Det hev kome fleire innspel. Det vert tala um folkerørsletanken,ungdomskulturelle ideal og dynamisk identitet. Er det nokon som er mot dette ? Kann ein laga studieringar på dette i lokallagi ? Vil dette trekka med seg nye medlemer ? Desse emni vil dei aller fleste medlemer i

nye upplæringslovi som ikkje tryggja parallellutgåvor av lærebøkene. Arbeidet vart fylgd upp med at NMU la ut ei umsett lærebok på internett for å demonstrera mot at papirutgåva av boki ikkje låg fyre på nynorsk og soleis ikkje skulde brukast. NMU oppmoda skuleelevane til å lasta boki ned. Aksjonen vart stoppa og NMU måtte ut med ei bot.

Landssamanslutningi for nynorskkommunar vart skipa midt på 1990-talet. Organisasjonen kann ha tyngd. Og hev markert seg i nokre hove. Men ålment sett hev det vore låg aktivitet.

Generelt um målrørsla og Noregs Mållag

Norsk Målungdom var svært radikal i målpolitikken for 10 år sidan. På den tid var det illegitimt å diskutera ei rad saker i Noregs Mållag/NM nasjonalisme, normeringspolitikk, dialektutvikling. Det hev endra seg til det betre. Men ordskiftet hev teke uante vendingar. Både i 1998 og i 1999 diskuterte NM rettskrivingsspursmål. Båe åri men serleg i 1999 vart det klårt at ordskiftet kring desse emni vart paradoksalt. Ved inngangen til 1990-talet var det å stå for høgnorsk å stå for einskap og fast leid i rettskrivingi. Me som var for høgnorsk argumenterte mot mangfelde og yverdriven valfridom innførd gjennom teknokratiske maktinngrep frå 1930-talet av og framryver. Ved utgangen av tiåret var det bersynt at ting hadde snutt seg rundt. No vart det sett på som einskapleg å fylkja seg um gjeldande nynorsk, samlagsnormalen. Medan dei som var for høgnorsk vart rekna for dei som vilde utvida valfridomen og utfordra einskapen i rettskrivingi. Dette hev ført med seg ei rad paradoksale ordskifteinnlegg. Tiåret under eitt må ein segja at ordskifteklimaet i NM hev betra seg. Rettskrivingsemni hev vorte aksepterte i større eller mindre grad. Og NM er no offisielt mot samnorskpolitikken. Men skal ein konkludera, må ein segja at det trengst opposisjon mot den haldningsløysa som NM gjekk inn på på siste landsmøte.

Ein kann undra seg yver kva som er dei nye ordskiftesakene og visjonane innanfor NMU og NM. Det hev kome fleire innspel. Det vert tala um folkerørsletanken, ungdomskulturelle ideal og dynamisk identitet. Er det nokon som er mot dette? Kann ein laga studieringar på dette i lokallagi? Vil dette trekkja med seg nye medlemer? Desse emni vil dei aller fleste medlemer i

Eg vil hevda at den språklege utvikling i Noreg i dei neste 10- åri vil verta sterkt styrd av Den humankapitalen som aktørarar innanfor desse sektorane tileignar seg. Med humankapital meiner eg dei kunnskapane, den fantasiene og i det heile dei menneskelege resursane som eit menneske kann sitja inne med. Det er viktigare kva typar haldningar personar innanfor dei ovannemnde sektorane hev til språk enn kva det vert hevd at t.d. oljesektoren vil gjera med språket vårt. Det er aktive språkbrukarar som avgjer kva som vil skje med språket. Av dei viktige sektorane hev målfolk ofte vore mest upptekne av ein flik av undervisningssektoren, som heiter norskfaget. Det er ikkje nok.

Spm

1 Er medlemene i NM upptekne av at me skal vinna folk i desse sektorar som undervisning, helsestell og olja

for

nynorsk ?

2 Korleis tematisera språk på ein slik måte at me kann vinna desse ?

På siste landsmøtet kom det framlegg um å halda lesesirklar og um å reisa mållaget som kulturfaktor på. Lokallagi bed um studieupplegg. Mange av dei er klåre til å diskutera. Der ligg det ein stor uutnytta resurs. Her kann me i Vestmannalaget og Ivar Aasen-Sambandet koma Noregs Mållag i forkjøpet.

3 Korleis byggja upp ein kunnskapsproduksjon som knyt nynorsken til desse sektorane ?

Eit viktig poeng er kva Noregs Mållag uppnår i samspel med leidande folk i målrørsla elles. Serleg viktige er dei som er engasjerte i litteratur og annan språkproduksjon på nynorskforlaget, Samlaget, Det norske teatret, i Nrk og liknande. Kor som er, er vel målet vårt både i NM og i Vestmannalaget å få med oss intellektuelle som kann tenkja nytt. Me hev høve til å sjå vidt.

Eg vil hevda at den språklege utviklingi i Noreg i dei neste 10- åri vil verta sterkt styrd av Den humankapitalen som aktørarar innanfor desse sektorane tileignar seg. Med humankapital meiner eg dei kunnskapane, den fantasien og i det heile dei menneskelege resursane som eit menneske kann sitja inne med. Det er viktigare kva typar haldningar personar innanfor dei ovannemnde sektorane hev til språk enn kva det vert hevdta at t.d. oljesektoren vil gjera med språket vårt. Det er aktive språkbrukarar som avgjer kva som vil skje med språket. Av dei viktige sektorane hev målfolk ofte vore mest upptekne av ein flik av undervisningssektoren, som heiter norskfaget. Det er ikkje nok.

Spm

1 Er medlemene i NM upptekne av at me skal vinna folk i desse sektorar som undervisning, helsestell og olja
for
nynorsk ?

2 Korleis tematisera språk på ein slik måte at me kann vinna desse ?

På siste landsmøtet kom det framlegg um å halda lesesirklar og um å reisa mållaget som kulturfaktor på. Lokallagi bed um studieupplegg. Mange av dei er klåre til å diskutera. Der ligg det ein stor uutnytta resurs. Her kann me i Vestmannalaget og Ivar Aasen-Sambandet koma Noregs Mållag i forkjøpet.

3 Korleis byggja upp ein kunnskapsproduksjon som knyt nynorsken til desse sektorane ?

Eit viktig poeng er kva Noregs Mållag uppnår i samspel med leidande folk i målrørsla elles. Serleg viktige er dei som er engasjerte i litteratur og annan språkproduksjon på nynorskforlaget, Samlaget, Det norske teatret, i Nrk og liknande. Kor som er, er vel målet vårt både i NM og i Vestmannalaget å få med oss intellektuelle som kann tenkja nytt. Me hev høve til å sjå vidt.

Dei leidande kulturpersonlegdomane i målrørsla kann vera skeptiske til oss høgnorske på grunn av målet vårt, men dei kann ikkje vera skeptiske og avvissande til ein ny generasjon av akademikarar og forskarar og andre uppegåande folk. Det er desse me må køyra fram med glupe idear. Då må me hindra at målrørsleautoritetane blandar seg for mykje inn i arbeidet vårt, og syta for at me rekrutterar nye autoritetsfolk. I tillegg er det jo ikkje dumt å reisa dei viktige diskusjonane i fyrekant, sånn som i språkteknologisaki.

Vestmannalaget

Organisatoriske utbydingar

Eg brukar her eit uppsett me nytta i samband med lagsbyggjingsseminaret til Bygdelagsnemndi i haust.

FYREMÅL Kva er fyremålet med organisasjonen vår ? - ikkje berre fyremålsparagrafen, men slik den vert oppfatta og arbeidt ut frå. - har me/skal me måta til måli til dagsens samfund ? Her hev me two rettesnorer. Det eine er. Den fyrste lovi til Vestmannalaget, Vestmannalaget i 110 år s. 19. Her vert det slege fast at laget skal halda fram slikt som kann vera til sann selskapleg hugnad, kvessa tjodskapshugen hjå lagsmennene og fremja Nordmannaskapen i landet. Lagsmennene skal ha rette vyrdnaden for målsaki.

Det andre er Vestmannasynet vedteke av Vestmannalaget i 1962. Her vert det slege fast å berge norskdomen. Alle nordmenn hev same skyldnaden til det.

Norskdomen er uløysande knytt til det norske målet. Difor må nordmennene ikkje for nokon pris sleppa dette målet ned. Skal dette vera vellukka må me halda eit sterkt og livande samband med med dei reinaste og rikaste norske målføri, med gamalnorsk og med dei norrøne måli på Island og Færøyane.

AKTIVITETAR Kva aktivitetar hev me i organisasjonen vår? Lagsmøte,festmøte og tur i mai. 17-mai-toget

Kva aktivitetar vil me ha, kutta ut, fornya?

Framlegg

Seminar, ein Islands kveld med lutsal.

Andre framlegg ?

Kann aktivitetane vera ei målsetjing i seg sjølv?

MEDLEMER Korleis fanga inn aktive medlemer? - medlemsrekryttering, korleis, kor mange - engasjement, Korleis brukar me dei aktive medlemene våre?

Her er det vel medlemsoppfylgjingi me må tenkja på. Eg vil tru at mange av medlemene våre hev kome til gjennom kjenningar. Jerdal hev drive mykje god blest for laget i ei rad samanhengar. Han hev tala i ulike lag og samkomor. Og hev vekkt interessa for målet og laget vår gjennom artiklar han hev hatt i pressa.

VEIT NOKON UM OSS? Korleis kann me nå ut? -kva arbeidsformer brukar me - korleis møter me omverdi?

Me må vera meir offensive på alle frontar. Å dela ut informasjonsmateriell er alltid lurt. Me hev heimesidor på internett, men dei er nok lite nytta. Det hev i allfall ikkje ført med seg at me hev fenge fleire medlemer.

Fleire punkt vart lufta under plenumsdebatten på seminaret: Kva er verdien av folkelege hopehav ? Mange organisasjonar kjem upp som ei samling av folk med helsevanskar, sermerkte sjukdomar, fritidsinteressor osb. Er det plass for organisasjonar som berre legg vekt på folkelege hopehav og ikkje hev noko klårt materielt siktet mål ? Er det slutt på at ein kann driva folkeupplysning i informasjonssamfunnet ? Hev folk fenge so god bakgrunn til å upplysa seg sjølv at dei ikkje vil vera med i ideelle organisasjonar for å læra noko.

Det kom fram ei rad interessante innspel til spørsmåli nedanfor. Alle måtte tenkja gjennom kva laget deira stod for og kva for ein praksis laget driv. Og ikkje minst måtte ein vera kritisk til den måten ein brukar organisasjonen til å nå fram på.

Organisasjonar som driv med mange nye aktivitetar hev stor utskifting, og knyt seg opp til konkret handling. Det er mange som vil gjera ein innsats, utan at dei må sitja og adminstrera eit lag reint teknisk. Dei som greider å halda ein høg sirkulasjon millom dei aktive medlemene tryggjer seg mot å slita ut dei aktive. Men det krevst at ein hev handfaste og lettfattelege ting å gjera. Døme på slike organisasjonar er helselagi og Raudekrossen.

Vestmannalaget hev lagsmenn frå heile landet. Dei aktive i Bergen og umland utgjer vel 70-80, medan kring 40 er busette andre stader i landet. Det er òg mange av dei som er medlem som ikkje syner seg ofte i laget.

Det er for lite forsking kring passive medlemer. Men det er tydeleg at nordmenn er med i fleire lag og organisasjonar enn folk i andre land, utan at det fører til at det vert gjort meir organisasjonarbeid, kanskje snarare tvert um ! Det er i allfall ein del av ein særnorsk tradisjon at folk vil vera passiv medlem, og det er ein tradisjon som ein skal vera uppteken av å taka var på, meiner Per Selle. At me hev lagsmenn kringum i landet gjer at laget vert ansa på.

Den hierarkiske medlemsorganisasjonen er ikkje lenger i samsvar med det synet som folk hev på å organisera seg. Skal denne organisasjonmodellen funksjonera i dag, må folk sjå konkret

nytte av det som skjer i sentrallekken elles trekkjer dei seg ut av aktivt organisasjonsarbeid. Treningsstudioane spelar medvite på at folk ikkje vil binda seg opp til ei organisert trening. Det er merkande utslag alt no, og dei vil slå tydelegare ut etterkvart. Det vil føra til nedgang i aktivitetsnivået i idrottslagi.

Vestmannalaget er med i Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-Sambandet. Dette hev lite å segja for den daglege drifti av laget. Lagspengane er ikkje store, 10 kr. pr. medlem. Det er snarare slik at Vestmannalaget kann tilføra landssamskipnaden livskraft. Gjenom bladet Vestmannen vert Ivar Aasen- Sambandet og einskildlagi i Sambandet godt representerte når det trengst.

Tingarlistone til Vestmannen kann nyttast til å skapa lokallag. M.m.

Desse prinsipielle spørsmåli og nokre til vart tekne upp på seminaret. Per Selle hev skrive bok um slike og fleire andre tilhøve saman med Jan Heitman. Boki heiter : Frivillige organisasjoner - fornyelse, vekst og utvikling. Høgskoleforlaget 1999. Boki byggjer på grundige analysar av organisasjonslivet, og fleire typar organisasjonar kann draga lærdom av henne. På seminaret fekk me med oss helselag, lag i Kvinne- og familielaget, eit fredslag, diverse bygdelag og ungdomslag m.a. Hordaland Ungdomslag og folk frå fråhaldsrørsla mfl.

Lag, institusjonar og fond som er knytte til Vestmannalaget

Fond

Krohn og Hustrus Legat

Fritz Monrad Walles fond

Vestmannalaget hev målsmann til Halldor O. Opedals fond

Samarbeidspartnarar

Korleis kann me få gjenomslag for dei visjonane eg skissera i innleidingi um samtidsperspektiv på målrørsla. Dette må me diskutera etterkvart som ulike prosjekt kjem upp. Men ein nærmare gjenomgang av kva dei einskilde lagi er og kann vera ein del av, vil vera på sin plass.

Eg startar med landslaget for høgnorskrørsla som vart skipa i 1965 i protest mot utvatningi og likesæla til nynorsken.

Ivar Aasen- Sambandet

Ivar Aasen- Sambandet hev i mange år no berre vore ei formell lengjing av Vestlandske Mållag. Det bør det rettast på. Vestmannen når ut til målfolk yver heile landet, og det vert no arbeidt med å nytta tingarlistone til Vestmannen i aktivt vervearbeit. Vestmannen er det fremste aktivumet for å reisa upp landslaget til eit lag med tyngd. Å fremja Vestmannen vil på same tid vera å fremja grunnlaget for å driva lagsbyggjing i Ivar Aasen-Sambandet. Soleis bør me tenkja gjennom kva me kann gjera for å få bladet fram til fleire. Marknadsføringsarbeidet hev stort sett vore lite og ingenting, so her er det mykje som kann leggjast til.

Vestlandske Mållag

Innanfor Vestlandske Mållag (frå no VM) er det no fleire lag. Men enno kunde Hordaland ha hatt fleire lag. Sume evar seg for å vera med i Ivar Aasen- Sambandet, jamvel um dei er samde i fyremålet til laget. Hadde det ikkje vore for denne evingi kunde VM ha truleg ha hatt lag i Ulvik, på Voss og Stord. Likevel er det viktig å utnytta dei kapasitetane me hev med oss. Litt nærmare um dei nemnde stadene.

Ulvik hev minst tri aktive målfolk som stend mykje godt på vårt grunnlag. Arne Skjerven er ein av dei. Desse eldsjelene hev millom anna skipa ein venering for Olav H. Hauge, noko som vil vera til stor vinning for Vestmannasynet. Ulvik-folki skriv ein del i Hordaland som vel er ei av dei lokalavisone som nyttar best mål for tidi. På Voss er det ei rad tingarar av Vestmannen, umlag 15. Arvid Langeland nyttar i-mål og hev vore ei drivkraft i alle samanhengar der rettskrivingsspursmål hev vore fyre. Han evast ikkje for å kritisera

fagnemndsmedlemene anten det er på tvemannshand eller offentleg. Vestmannalaget hev elles alltid hatt gode kontaktar i Vossetraktene. Ingjald Bolstad og Ole Didrik Lærum bør nemnast serskilt for seg. Det krevst truleg ein ekstrainnsats for å få målinteressa upp på Voss. Eit seminar eller tilskiping av eit eller anna slag. Me må vinna dei mest ihuga drivkraftene og det er Arvid Langeland og Johannes Gjerdåker. Ei onnor sak er um me kunde greidt å samla dei på tilskipingar i Bergen. Dei treng kor som er å koma saman um å diskutera målsak og høgnorsk meir enn dei gjer i dag. Let det seg gjera er mykje vunne.

Vincent Færavaag og Kjell Lønning stend mykje på vårt grunnlag. Dei skriv og arbeider for godt mål. Og dei hev drege unge folk til laget som hev kome like frå Stord, Inga og Askild Gjerstad. Stord Mållag ynskjer å markera seg med ein konferanse som fær fram måldyrking og samfundstenkjing knytt opp til språknormering og språkstyring i lokalmiljøet og i vidare hopeheng. Dei samarbeider gjerne med Vestlandske Mållag um dette. Laget hev vore sers ihuga i kampen for å få mjølk på mjølkekartongane, og det hev kome brev til Vestmannalaget der med vert uppmoda til å fylgja upp dette arbeidet i Bergen.

Soleis er det grunn til å vera merksam på desse folki i ymse høve. Dei trengst til å halda uppe eit målpolitisk og kulturelt miljø kring Vestmannalaget.

Vestlandske Mållag hev i dag fleire lokallag

Sunnmøre Vestmannalag er nyleg uppattskipa. Laget vart nyskipa i haust av Olav Torheim og Svein Kvamsdal. Hev markert seg lokalt med presseutspel og med ope møte. Laget hev ei rad lokale kultur personlegdomar knytt opp til seg. Dei held opne møte og hev kontaktar i lokalpressa. Det er viktig å ha eit lag på Sunnmøre på grunn av Aasen-senteret som stend ferdig neste år. Kommunikasjonane gjer diverre at me ikkje fær høve til å halda so nær kontakt med desse folki som det elles vilde ha vore naturleg.

Volda og Ørsta Målungdom

Skipar til årlege høgnorskdagar. Hev vore aktivt i eit par år og markert seg sterkt i lokalmiljøet. Rekrutteringi ser ut til å gå bra no. Høgnorskdagane hev vorte ein viktig bindelekk for aktive målungdomar som stend på høgnorskmålgrunnlag.

Høgnorskringen Skipa av Jostein Krokvik som ein brevring, truleg i 1994/95. Vart yverførd til Håvard Tangen og andre aktive målfolk i Oslo då Krokvik vart sjuk i 1998. Laget hev sidan 1998 markert seg mykje utetter. Takk vera Tangen og Gudmund Harildstad som hev drive eit stort vervearbeid. Han må ha verva minst 30-40 medlemer.

Her er det fleire miljø som er knytt saman. K.E. Steffens er høgskulektor og hev vore språkpolitiske debattant i ei årrekka. Han hev stamstad på Bibliotekbaren på Bristol. Her samlast folk av ymse slag til ordskifte millom um målsak. Steffens spreider Vestmannen og andre bladstykke han skriv um mål og målsak. Han legg fram bøker og artiklar til dei som hev interessa for det. Gudmund Harildstad og studenten Ronny Spans, som skriv ein del i Vestmannen hev bruka å koma saman jamleg på bibliotekbaren. Dei hev sitt fremste aktivum i å skriva og leggja fram aktuelle spørsmål for høgnorsken.

Dag Hagen Berg hører til millom dei målungdomane som trudde på i-målet. Han hev samla fleire ungdomar kring seg og Skuleboknemndi åt Studentmållaget. Håvard Tangen er den meste aktive. Elles er det nokre målungdomar som studerte i Bergen og som eg hev fenge yver i vår leid. Dette miljøet er i stand til å organisera store tilskipingar, um dei først får den rette tilskundingi.

Eit tridje miljø er knytt til Norsk Måldyrkingslag. Norsk Måldyrkingslag hev vore den viktigaste høgnorskorganisasjonen i etterkrigstidi. I 1928 vart det skipa eit lag som skulde驱ra med måldyrking. Målsmennene vert røysta inn. I etterkrigstidi vart dette ein rein høgnorskskipnad i hovuddragi og under styringi til kontroversielle Halvard Bergwits. Ei rad namn kann nemnast i tilknyting til dette laget. Aktiviteten hev vore låg dei siste åri. Kring 1991 var det eit offentleg ordskifte umkring laget der det millom anna kom fram sterke motlegg til Bergwits sin posisjon som skrivar i laget. Ivar Eskeland var den viktigaste kritikaren.

Kvinnherad Mållag hev vore sers aktivt med bokutgjevingar. Gav ut Godmenne av Jens Tvedt for nokre år sidan. Hev god økonomi og driv godt lokalt. Helga Mehl hev vore i nært samband med Vestmannalaget. Verd å nemna er Arne Sunde som hev arbeidt mykje med studium av norske busetnader i USA. Her kann det vera verd å tenkja på samarbeid so sant det let seg gjera.

Halsnøy Mållag eldsjeli her er Sigurd Sandvik. Laget driv ein del målarbeid lokalt. Men rekrutteringi er skrantande. Sandvik hev vore produktiv med bokmanus på Norsk Bokreidingslag heilt fram til denne dag.

Norsk Bladmannalag vart uppattskipa i haust etter 20 år i dvale. Laget hev potensial til å få med seg mange bladmenn. Norsk Bladmannalag planlegg eit seminar um måldyrking, og korleis ein kann få tilgjengeleg gode nynorske retteprogram og andre program på nynorsk.

Vestmannalaget

Norsk Bokreidingslag hev gjeve ut ei rad bøker på høgnorsk mål. Laget låg lenge i dvale, men vann seg framatt på 1970-talet, og hev vore sers aktivt sidan då. Opdalsfondet, Vestmannalaget og i fleire høve på 1990-talet Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo hev vore viktige finanseringskjeldor. I tillegg hev laget vore sers bundne til at dei hev kunna koma inn under innkjøpsordningi. Laget hev fenge nokolunde jamvekt i økonomien etter at dei fekk eit stort tilskot frå Kari Øpstads fond som no er uppløyst Laget hev sikre leigetilhøve i fyrste umgang. Det er stødt viktig med bøker og skrifter når ein skal fremja Vestmannasynet, og me må vurdera kva skrifter som kann koma best til nytte..

Eksterne lag og institusjonar Vestmannalaget er med i

Bergen Sentrum Folkeakademi er lokallag av Hordaland Folkeakademi og arbeider med å formidla offentleg studnad til organisasjonar som Vestmannalaget. Det er vel lite me kann gjera gjennom denne organisasjonen so langt som eg kjenner til. Men me fær refusjon for utlegg til fyredragshaldarar.

Bygdelagsnemndi vart skipa i 1939. Vestmannalaget hev vore med sidan då. Dei aktive bygdelagi og Bondeungdomslagi er med i nemndi. Bygdelagsnemndi hev gjenge seg mykje leid. Mange av lagi hev havt skrantande rekruttering i tillitsmannsapparatet, trass i at dei hev langt fleire medlemer enn Vestmannalaget. Dei som hev gjenge ut or tillitsmannsapparatet hev vorte sitjande i Bygdelagsnemndi, og det hev gjeve Bygdelagsnemndi ein B-status. Det

vikigeste her er å koma i kontakt med medlemer som kjenner lagi sine og som kann påverka lagi sine beinveges. Diverre hev det ofte vore folk som ikkje hev site i styri og som hev vore gamle tråvarar i organisasjonane som hev kome innum Bygdelagsnemndi. Det beste er når ein kjem i kontakt beinveges med dei einskilde styri. Det let seg gjera. Um ein kjem fram til konkrete tiltak vert det uviktig um Bygdelagsnemndi er med eller ikkje. Då kann ho trekkjast inn etter som det trengst. Nemndi gjer oss i alle høve merksam på dei andre Bygdelagi. Det beste samarbeidet hev det vore kring 17-mai-feiringi då kjem mange av lagi med store hopar etter fanone sine.

Håkons Hallens Venner med ein skildmedlemer og lag til medlemer. Laget er eit venelag der Vestmannalaget er med. Her er det viktig å halda uppe medvitet um Vestmannalaget som det laget som fekk nyreist Håkonshalli og dei historiske bandi til Island og Færøyane. Medlemer av Vestmannalaget og laget sjølv hev ved fleire fenge høve til å leiga Håkonshalli. Det er viktig å halda nære band til dei som driv med millomalderforsking og som styrer med halli og andre minnesmerke etter millomalderen. Vestmannalaget hev ved sume høve òg havt det store privilegiumet å få nytta Schjøttstovone på Bryggja til festmøte. Her hev me noko å strekkja oss mot.

Kyrkjelenemndi skipar til nynorske gudstenestor two eller fleire gonger i året. Nemndi vart skipa av den vyrde Vestmannen Peter Hognestad. Skjalg Halmøy er styrar for nemndi no. Han er nordlending, men hev sans for nynorsk mål. Ellen Vabø hev representert oss i kyrkjelenemndi. Leidulv Hindvin hev vore tekstlesar ved mange av gudstenestone, og hev nytta Aasen-mål under upplesingi. Diverre er salmane og songane på 17-mai av det nystavande slaget. Det burde det gjerne gjerast noko med.

Ivar Aasen-tunet er under oppføring i Ørsta/Hovdebygdi. Innskotskapitalen var 10 000 kronor som Vestmannalaget betalte inn for fleire år sidan. Det gjev laget rett til ein målsmann i samskipnaden. Vår målsmann hev vore Jostein Krokvik som neppe hev møtt nokon gong. Svein Kvamsdal hev vore varamann for Krokvik. Krokvik hev no sagt seg fri for dette tillitsumbodet.

Aasen-tunet hev synt lovande takter. Nytenkjing kring tunet hev vore god og mange gilde folk hev vore knytt til prosjektet. Det hev vore sett fram glupe tankar um Aasen av fleire gode folk

vakstigaste her er å koma i kontakt med medlemer som kjenner lagi sine og som kann påverka lagi sine beinveges. Diverre hev det ofte vore folk som ikkje hev site i styri og som hev vore gamle tråvarar i organisasjonane som hev kome innum Bygdelagsnemndi. Det beste er når ein kjem i kontakt beinveges med dei einskilde styri. Det let seg gjera. Um ein kjem fram til konkrete tiltak vert det uviktig um Bygdelagsnemndi er med eller ikkje. Då kann ho trekkjast inn etter som det trengst. Nemndi gjer oss i alle høve merksam på dei andre Bygdelagi. Det beste samarbeidet hev det vore kring 17-mai-feiringi då kjem mange av lagi med store hopar etter fanone sine.

Håkons Hallens Venner med einskildmedlemer og lag til medlemer. Laget er eit venelag der Vestmannalaget er med. Her er det viktig å halda uppe medvitet um Vestmannalaget som det laget som fekk nyreist Håkonshalli og dei historiske bandi til Island og Færøyane. Medlemer av Vestmannalaget og laget sjølv hev ved fleire fenge høve til å leiga Håkonshalli. Det er viktig å halda nære band til dei som driv med millomalderforsking og som styrer med halli og andre minnesmerke etter millomalderen. Vestmannalaget hev ved sume høve òg havt det store privilegiumet å få nytta Schjøttstovone på Bryggja til festmøte. Her hev me noko å strekkja oss mot.

Kyrkjenemndi skipar til nynorske gudstenestor two eller fleire gonger i året. Nemndi vart skipa av den vyrde Vestmannen Peter Hognestad. Skjalg Halmøy er styrar for nemndi no. Han er nordlending, men hev sans for nynorsk mål. Ellen Vabø hev representert oss i kyrkjenemndi. Leidulf Hindvin hev vore tekstlesar ved mange av gudstenestone, og hev nytta Aasen-mål under upplesingi. Diverre er salmane og songane på 17-mai av det nystavande slaget. Det burde det gjerne gjerast noko med.

Ivar Aasen-tunet er under oppføring i Ørsta/Hovdebygdi. Innskotskapitalen var 10 000 kronor som Vestmannalaget betalte inn for fleire år sidan. Det gjev laget rett til ein målsmann i samskipnaden. Vår målsmann hev vore Jostein Krokvik som neppe hev møtt nokon gong. Svein Kvamsdal hev vore varamann for Krokvik. Krokvik hev no sagt seg fri for dette tillitsumbodet.

Aasen-tunet hev synt lovande takter. Nytenjing kring tunet hev vore god og mange gilde folk hev vore knytt til prosjektet. Det hev vore sett fram glupe tankar um Aasen av fleire gode folk

i Volda og Ørsta. Men eit utspel frå Ottar Grepstad i lokalbladet Møre verkar ikkje serleg lovande. Eg legg inn mitt svarinnlegg til Grepstad her.

Korleis skal Aasen-tunet syna fram Aasen ? Ottar Grepstad tek i Møre 6 november til motmæle mot eit par kritiske innspel til Aasen-tunet. Grepstad viser til kritikken frå K. E. Steffens. Steffens hevdar at Aasen vilde ha vore usamd i grunnleggjande delar av det som er dagsens språkstyring og målbruk.

Grepstad svarar med å visa til at ingen kann vita kva Aasen vilde ha meint i dag. Det legg han ut soleis at det er uinteressant. Det som derimot er interessant er kva Aasen-tunet kann, skal og bør bli. Det veit Grepstad noko um, segjer han.

Det er mogleg eg tolkar Grepstad for strengt, men slik eg tolkar Grepstad segjer han at det Aasen meinte ikkje kann yverførast til i dag. Aasen måtte ha levt og ytra seg i dag um han skulde ha vore interessant for målrørsla av i dag. Når me viser til det Aasen ytra då han levde, vert det å konstruera ein daud manns ettertankar, etter Grepstads syn.

Folk flest må få tolka Aasen som dei vil, og framstella han som dei vil. Men for ein institusjon som Aasen-tunet må det vel vera avgjerande å få fram kva Aasen stod for, og kva han arbeidde for då han levde. Då må det vera lov å spyrja um korleis Aasen-tunet og Grepstad vil løysa denne uppgåva, utan at ein vert avvist med at ein konstruerar upp kva Aasen vilde ha meint.

Aasen-tunet tek mål av seg til å vera samlande for alle nynorskbrukarar, same kva for ein nynorsk dei nyttar, skriv Grepstad. Det er tydeleg at det er ulike oppfatningar um kva Aasen stod for og arbeidde for. Skal Aasen-tunet ha truverde må det hevja seg yver tolkingar og få fram kva Aasen sa, gjorde og meinte i si samtid. Um det verkar provoserande å få fram kjengjerningane attum Aasen, må Aasen-tunet likevel gjera sitt til å få fram sanningi kring Aasens liv og arbeid. Um det er lite umtykt hjå sume at Aasen var måldyrkar og at han sette opp ein målsystematikk som mange i ettertid hev forlate, kann ikkje Aasen-tunet laga um på det Aasen stod for. Tunet må syna vyrnad for tankane til Aasen, og leggja vekt på å nytta sermerkt og godt nynorskt mål. Noko anna vil vera å leggja seg flat for dei riksmålsfordomane

som Grepstad vil kjempa i mot. Ein må spyrja seg : Korleis vil Grepstad og Aasen-tunet syna fram Aasen ? Kva for ein bakgrunn og samanheng vil dei setja Aasen inn i ?

Lars Bjarne Marøy

Miljø med lausare tilknyting til Vestmannalaget.

Bergens Tidende. Vestmannalaget hev stødt havt godt samband med Bergens Tidende. Den framståande Vestmannen og kulturmannen Eirik Hirth trygde dette. Hirth var med på å få Bergens Tidende til å halda på høgnorsk redaksjonelt i 1934 då Vestmannalaget og Vestlandske Mållag såg korleis det vilde gå med den nye rettskrivingi som var i emning. Gerhard Garatun Tjeldstø var i mange år ein hovding i Bergens Tidende. Kjartan Rødland hev fortalt at han trudde han måtte stå skulerett for Tjeldstø og tala stramt i-mål når han var ny i avisa. Tjelstø slutta i 1972. Det var først då avisa skifta til samnorsknyorsk redaksjonelt. Kjartan Rødland hev vore tillitsvald i Vestmannalaget og i Vestlandske Mållag. Han og Jerald var kollegaer i Dagen. Rødland og Jerald hev halde nær kontakt og fleire nye bladmenn hev vorte tekne inn som talarar p.g.a. sambandet millom desse. Norsk Bladmannahaget var òg kontaktskapande på fyrr det gjekk inn i 1979. Kulturjournalist Jan H. Landro er medlem i laget.

Gula Tidende og andre presseorgan

Nokre målmenn hev kome til å stå målrørsla og Vestmannalaget nært. Gula Tidende var lenge fiendtleg og i rein krig med Vestmannalaget, men etter at Per Håland gjekk av, hev det retta seg. Det er grunn til å ansa på dei som hev vore bladfolk i Gula Tidende som jamt nutta godt mål. Ein av dei er Gunnar Wiederstrøm. Sveinung Ones arbeider i BA. Han var i mange år skrivar i Vestlandske Mållag og sat dessutan i styret i Vestmannalaget.

Når Norsk Bladmannahaget kjem på fote må me freista å fylgja upp Ludvig Jerald og få ein fot innanfor pressemiljøet ålement. Her er det fleire lag og klubbar som hev gjeve Vestmannalaget, Jerald og målreisingi ein framskuv berre med umtale.

Kunstnarsamfundet.

Fleire av medlemene våre hev vore aktiv i Kunstnarsamfundet. Millom dei meste markerte er Ludvig Jerdal, Gunnar og Ingebjørg Gilberg. Dette miljøet skriv seg heilt attende til Rustifolki som heldt til i Urði. I sambandet med Urði spela kunstnarsamfundet ei rollas om ein dei som fekk testamentert Urði. Dei kom i ufjelde med eit anna kustnarlag som berre vil utnytta verdien og Urði i kronor og øre. Resten av soga um Urði er endelaus og den greidde Ludvig Jerdal ut um på ei medlemsmøte i Vestmannalaget i 1996, trur eg. Upprit skal vel finnast. Kunstnarsamfundet burde kunna ha interessefellesskap med Vestmannalaget, um å fremja ideelle hugmål av ymse slag. Her bør me òg vurdera um me hev noko vervepotensial.

Kyrkjesogelaget. Hev gjeve ut årboki Bjørgvin i ei lang årrekka med mange forvitnlege innslag um kyrkje og kristenliv frå heile Vestlandet, men visst mest frå Hordaland. Mykje av stoffet hev vore på god nynorsk og i-mål. Prestane var lenge av dei som heldt best på målet. Den fremste Vestmannen som var aktiv i Kyrkjesogelaget er nok den ihuga målmannen og presten Alv Askeland som gjorde svært mykje bra med målkvaliteten i boki.

Ludvig Jerdal hev vore med på fleire av årsmøti, og hev tidvis nytta laget som ei framhjelp til å stydja fråsegner til dømes i saki um Kyrre-monumentet. Nils Aksel Mjøs hev vore med flestalle møti og hev sete i styringi for laget. Andre vestmenn hev truleg òg engasjert seg i nemndi. I same rennet nemner eg **kyrkjeakademiet**, som er eit ope ordskifteforum der målfolk hev vore velkomne.

Nord og Midthordland Sogelag.

Dette laget hev hatt mange kontaktar i kulturelt arbeid kringum på bygdene. Conrad Clausen, nestformann i Vestmannalaget i mange år, dreiv årboki til laget i meir enn 40 åri. Like til han døydde i 1990. Laget er no engasjert i arbeidet med Strilesoga som hev kome i tri band. Årboki hev kome jamt dei siste åri. No er det nye historikarar med universitetstilknyting som styrer mykje av den skriftlege produksjonen i laget. Leiv Flesland er kassastryrar i laget og me hev seinleg kontakt med han i samband leidgetilhøvet vårt i Torgegården.

Universitetet. Ved det gamle Bergens Museum vart det skipa ei målprofessorat. Den fyrste som fungerte i dette var Torleiv Hanaas. Han som skreiv Vestmannalaget i 50 år. Seinare yvertok Gustav Indrebø. Kring desse folki var det jamnast god kontakt til mållagi og Vestmannalaget. Til dømes sat Per Thorson i styret i Vestlandske Mållag i fleire år.

I seinare år hev Jarle Bondevik og Oddvar Nes havt tilknyting til Norsk Bokreidingslag. Bondevik hev sete i styret og Nes hev vore med på ymse utgjevingar saman med Bondevik. Det var dei som fekk gjeve ut att ymse manus av Indrebø. Seinast i 1989 i godt samarbeid med Conrad Clausen. Idar Stegane må likeins nemnast som ein viktig person i forkingsmiljøet på nordisk institutt i Bergen. Han var ven av Conrad Clausen, og hadde mange littære diskusjonar med han. I dag er Stegane den fremste kjennaren av den gamle soga til Vestmannalaget og hev hev fleire utgjevingar bak seg på sogegrunn.

Folkemusikkmiljøet må nemnast her må Finn korrigera meg i samanhengar der eg evt. skriv feil. Vestmannalaget skipa til Lanskappleikar i mange år tidleg på 1900-talet. Heilt fram til 1960-talet var Vestmannalaget aktivt med på å skipa til kappleikar etter den tid hev det bore til ei professionalisering som gjorde det uaktuelt for Vestmannalaget å vera med.

Spelemannslaget Fjellbekken er det laget som hev stade Vestmannalaget nærest. Elles hev me kontakt med Arne Bjørndals samlingar. Arne Bjørndal var Vestmannen som samla inn folkemusikk og skreiv han ned.

Tenkjelege samarbeidspartnarar eller miljø me bør freista å knyta kontakt med. Her vender eg attende til utgangspunktet til samtidsanalysen min som kann kritisera. Dette er berre nokre framlegg. Kom gjerne med fleire.

Kunst/kultur

Det umrådet der me bør ha dei beste kontaktane (utan um dei interne og eksterne lag i me er med i) er truleg kunst og kultur.

Helsestell

Innanfor helsestell hev me for därlege kontaktar. Men kanskje dei kann betrast. Åslaug Mjøs og Haldor Slettebø er dei two medlemene eg kjem på som arbeider i helsesektoren. Itillegg hev med naturlegvis Ole Didrik Lærum. Berre synd at han alltid brukar bokmål når han snakkar um slike ting kanskje ei utbyding um å koma i Vestmannalaget og tala um noko medisinsk emne vilde ha hjelpt ?

Media/fjernsyn. Her burde det vera fleire gode kandidatar som me kunde få kontakt med. Det er høve for kven som helst til å fremja kandidatar til heiderspris frå Opedalsfondet, um vedkomande fær pris, kann ein få skipa til ein konferanse/seminar med ein prisvinnar frå media. Spursmålet er likefullt um kven som hev mest påverknadkraft/makt av journalistane. Hordaland Mållag gav målprisen sin til Vestlandsrevyen i fjar. Dette er noko å tenkja nøgje gjennom.

Språkteknologi/data

Sjur Nørstebø Moshagen var nemnd i samband med Vestmannen. Han var aktiv i Aasen-Sambandet for nokre år sidan. Han arbeider no for firmaet Ling Soft og skal koma med dataprogram som skal vera gode for nynorskbrukarar. Men han er i Finland og er ikkje del i noko konkret miljø som me kann få direkte innpass i. Det finst eit datafirma på Sotra som hev interessa for nynorsk. Norsk Bladmannahalag skal freista å uppnå kontakt der.

Internasjonalt hopehav

Helge Liland som er bokførar for Vestmannen arbeider hjå det felles innvandrarråd. Han hev mange kontaktar i det miljøet. Arnljot Strømme Svendsen hev likeins gode internasjonale kontaktar. Desse kann utnyttast til å få fram språkstoda i andre land. Her er det òg høve til å få tilskipingsstudnad alt etter kva for vinkling me vil ha på møtet. Jon Erik Hagen på nordisk institutt driv mykje med norskupplæring for framandspråklege, og Peter Halleråker knytt til Sunnmøre Vestmannalag hev gjeve ut ei lærebok for framandspråklege. Her er det mykje å gå på.

Offentleg byråkrati generelt/oljesektor m.m.

Me/Frøydis hev kontakt med islendingar som er fagfolk og som kjenner tilhøvet millom fagspråk/offentleg språk og ålmennspråk på Island. Mange parallellear til Noreg. Likeins kjenner med folk som kann vurdera utviklingi med greske og latinske framandord i terminologi og ålmennspråk. Sigbjørn John Huun ung mann som hev gjenge i laget arbeider i SND, og hev fleire kjenningar der. Han kjenner verkemiddelapparatet i SND. Harald Linga arbeider i Frank Mohn A/S og kjenner dei språklege utbydingane med å arbeid i oljesektoren i ei tevlingsutsett næring. Desse siste kann gjerne knytast sterkare upp til laget gjennom å halda innleidingar i ein eller annan samanheng. Det vil draga med seg vene og kjende av dei.

Konklusjon

Konklusjon som bakgrunn for ei arb. prg. Me hev ei rad innfallsportar til målrørsla og kulturspursmål generelt. Eg hev gjort ein samtidasanalyse og plukka ut nokre felt der me hev noko å fara med, og der det hev langvarande verknad at me fær kontaktar og høve til å markera oss. Fleire kontaktar kunde ha vore nemnde.

Eg trur det vil bryta for mykje med det innarbeidde møteprg. å trekkja inn for sterke tematiseringar som eg hev gjort her. Dette må koma som ein del av tenkjingi vår i åri som kjem og kanskje òg i seminar og konferansar eller andre tilskipingar. Alt etter kva me kann sjå oss syn med.

Vestmannalaget hev fleire gode kontaktar og desse kontaktane hev ofte vorte liggjande uutnytta. Alt i vår ligg det fleire innspel som er uutnytta. Me hev kort og godt høve til å velja og vraka millom svært gode fyredragshaldarar. Vestmannalaget hev sers gode høve til å markera seg utetter i målrørsla. Kanskje viktigast av alt er det å retta handi ut til medlemene og samarbeidspartnarane og få dei til å gjera mest mogleg ut av seg. Lat meg avslutta pompøst måtte Vestmannalaget verta ein motor som kann få hjuli i sving kringum i målrørsla.

22

23

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Hvje andeleg
Kanskje brigde

Bergen 12 januar

Gode lagsfolk og andre med interessa for laget vårt. Vel møtt til ein ny arbeidsbolk i Vestmannalaget. 1999 er slutt og møteverksemdi vår tek til at den 20 januar 2000. Programmet for vårhalvåret vert følgjande :

Torsdag 20 januar klokka 19.00 på Bryggens Museum,

Tidlegare brannsjef, Einar K. Gjessing, talar um Bergensbrannen i 1916. Han hev med ljósobilet. Bergensbrannen endra bybiletet radikalt, og Gjessing hev sett seg inn i desse endringane.

Torsdag 17 februar klokka 19.00 på Bryggens Museum,

Asbjørn Tveiten talar um Erling Kristviks pedagogikk. Kristvik var ein framståande pedagog i millomkrigstidi og markerte seg med å skriva ruvande lærebøker for lærarstudentane i denne tidi. Kristvik er eit aktuelt namn etter at Rune Slagstad drog han framatt i boki si "De nasjonale strateger" i 1998. I 1999 kom det ei ny bok som m.a. tek fyre seg Kristviks pedagogikk og livsgang. Den nye boki heiter "de strategiske pedagoger". Forfattaren er pedagogen Erling Lars Dale.

Torsdag 16 mars klokka 19.00 på Bryggens Museum,

Eldbjørg Gunnarson talar um organisasjonsbyggjing. Korleis kann medlemene få auka fram aktiviteten i friviljuge organisasjonar ?

Torsdag 13 april

Vincent Eye Færavaag talar um : Kann me setja krav til dei intellektuelle.

Torsdag 11 mai 2000 Bussferd til Bjørn West Museet i Masfjorden Påmelding på lagsmøti eller til formannen i brev Eliasmarken 14, 5163 LAKSEVÅG eller tlf. 55 34 33 77. Turen startar klokka 17.00. Retur til Bergen klokka 21.00.

Stjorni arbeider med andre samkomeplanar, og kjem evt. attende med nærmere melding, sjå bladet Vestmannen.

Lagsbladet Tuftekallen kjem på møti. Nye lagsfolk kann teikna seg på samkomone. Lagspengane er 150 kr,- i året. Me bed dei som fær dette skrivet taka vare på det, og sameleis at dei set av desse kveldane til lagsmøti. Det er hugnadsamt å koma saman, og dei som møter kvar gong fær ein heilskap i møteverksemdi som me vil ha glede av.

Med venleg helsing frå Vestmannalaget

Lars Bjarne Marøy, formann.

WESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Vthast !

Årsmelding for arbeidsbolken mars 1999 - mars 2000

Stjorni :

På årsmøte den mars 1999 vart Lars Bjarne Marøy vald til formann. I stjorni vart det nokre skifte. Sissel Anny Hjelmtveit rykte upp frå 1 varamann til fast i stjorni. Rasmus Arnold Kjellevold vart fyrstevaraman, Frøydis Lehmann vart andre varamann og Kjell Henry Knivsflå vart tridje varamann. Samansetnaden ser no slik ut : Lars Bjarne Marøy, formann, Sissel Anny Hjelmtveit nestformann og skrivars, Bjarne Storheim, kassastyrar, Bjørn Tormod Ringdal og Finn Vabø stjornarmenn. Rasmus Arnold Kjellevold fyrstevaraman, Frøydis Lehmann vart andre varamann og Kjell Henry Knivsflå tridje varamann.

Målsmenn

Rådmenn til Bygdelagsnemndi Lars Bjarne Marøy, Ludvig Jerdal og Finn Vabø. Varamenn, Bjørn Tormod Ringdal og Sissel Anny Hjelmtveit.

Det norrøne grønlandslaget : Arne Holm, Ludvig Jerdal og Leidolv Hundvin.

Kyrkjenemndi : Ellen Vabø og varamann Ingebjørg Gilberg.

Ettersynsmann: John Marhaug

Fanevakt: John Askeland og Haldor Slettebø.

Ettersynsmann : John Marhaug

Bladstjorn for Tuftekallen :

Egil Lehmann, Arnulf Hjelmtveit, Gunnar Gilberg, Lars Bjarne Marøy, Sveinung Ones, Nils Aksel Mjøs og Leidolv Hundvin.

Møte og samkomor

Vestmannalaget hev i arb.bolken havt 7 opne møte på Bryggens Museum, 1 festmøte og laget hev skipa til ei utfukt

Torsdag 17 april

Reiar Storaas tala um målaren Mons Breidvik. Me fekk ei sers interessant innføring i livet til denne målaren. Breidvik hev gjenge i gløymeboki, men han var meister for mange store illustrasjonar. Storaas gav same året ut ei bok um Mons Breidvik.

WESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Torsdag 13 mai

På dette møtet var me på utferd til Nordsjøfartmuseet i Telavåg. Her såg med filmen og fekk ei munnleg innføring i tragedien i Telavåg då tyskarane sprengde og brende ned heile bygdi og sende innbyggjarane burt. Mennene i tysk fangenskap og kvinnene og borni til Framnes Folkehøgskule. Simon Øvretveit var med oss og var førar på ei umsyning i Televåg.

Torsdag 9 September

Arnþjot Strømme Svendsen tala yver temaet :" Er det kunstnere og deres kunst som kan sikre nynorsken i fremtiden." Strømme Svendsen hevda at det er ikkje viktigast med politikk, juss og økonomi for å fremja nynorsken. Det er derimot kunsten og kunstnarane som kann prega oss og andre menneske slik at det fremjar nynorsken.

Torsdag 14 oktober

Astrid Tveiten tala um glandaskulane på Osterøy. Glandaskulane er hardt utsette for sentralisering. På Osterøy vart two skular nedlagde. Foreldri gav seg ikkje. Dei vilde drive skule for borni sjølve. Tveiten var ein av foreldri som vil drive skule for borni sine. Ho tala um arbeidet sitt. I ettertid hev foreldri vunne fram og glandaskulane vert ståande.

Torsdag 11 november

Talar var Geir Atle Ersland. Ersland er fyrsteamanuensis ved Historisk intitutt i Bergen. Han er serleg kunnig i bysoga. Tittelen på fyredraget hans var : " Under Hansaveldet, myta om ei svart tid i Vestlandssoga". Bakgrunnen for fyredraget var eit hefte av journalist Karl Sjurseth, utgjeve like etter krigen. Ersland hadde mange gode poeng til forsvar for Hanseatane som han meiner hev fenge ei for negativ umdøming.

Torsdag 2 desember Olga Meyer tala yver emnet. Dyri er klokare enn me trur. Meyer hev markert seg i nytimen med ein serie som hev teke fyre seg dyresogor frå heile landet. Meyer kom til Bergen tidleg um morgonen og stjorni ved Hjelmtveit sytte for at ho fekk vitja nynorskklassane i Bergen. Meyer var dessutan gjest i Melvær Libris bokhandel.

Torsdag 20 januar 2000

Tidlegare brannsjef Einar K. Gjessing tala um Bergensbrannen i 1916. Han synte ljósibile og kom med utgreidinger um den arkitektoniske utformingi av Bergen etter Bergensbrannen

Torsdag 17 februar klokka 19.00 på Bryggens Museum,

Asbjørn Tveiten tala um Erling Kristviks pedagogikk. Kristvik var ein framståande pedagog i millomkrigstidi og markerte seg med å skriva ruvande lærebøker for lærarstudentane i denne tidi. Kristvik er eit aktuelt namn etter at Rune Slagstad drog han framatt i boki si "De nasjonale strateger" i 1998. I 1999 kom det ei ny bok som m.a. tek fyre seg Kristviks pedagogikk og livsgang. Den nye boki heiter "de strategiske pedagoger". Forfattaren er pedagogen Erling Lars Dale. Dette dana ein spanande og svært aktuell bakgrunn for Asbjørn Tveitens fyredrag.

WESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Torsdag 16 mars klokka 19.00 på Bryggens Museum,

Eldbjørg Gunnarson tala um organisasjonsbyggjing. Korleis kann medlemene få auka fram aktiviteten i friviljuge organisasjonar ?

Elles må sume tiltak nemnast serskilt for seg.

Laurdag 11 september var det seminar um organisasjonsbyggjing i regi av Bygdelagsnemndi der Vestmannalaget er medlem. Innleidarar var Per Selle og Per Øivind Jensen. Båe hev forska på kva som skal til for å nå ut med ideelle saker som t.d. målsaki i vår tid. Formannen og Ludvig Jerdal møtte for Vestmannalaget. Formannen hadde vore med i planleggjingsnemndi for seminaret.

Ludvig Jerdal tala i senioruniversitetet um Vestmannalaget i november. Møtet hadde stor tilskønad. Formannen delte ut Vestmannen til sume av dei frammøtte. Det var dverre ikkje nok blad til alle som kom.

Formannen og Ringdal hev delt ut Vestmannen i byen. Hjelmtveit hev drive blest for laget i Strilen og stjorni hev elles freista å gjera seg kjend på andre måtar.

Formannen og Olav Torheim hev lagt ut mykje lagsstoff på heimesidone til Vestmannalaget på internett. Møteprogrammet hev vorte uppdatert jamleg. Og gudstenestone til kyrkjenemndi hev lege ute.

Vestmannalaget hev leigt two boklager i Torgegården og laget hev gjort sitt til at Norsk Bokreidingslag i slutten av september kunde flytta inn i Torgegården. Leiga vert delt millom Vestmannalaget, Norsk Bokreidingslag og Nord og Midthordland Sogelag.

Økonomi : Stjorni hev ikkje løyvt ut pengar til noko eksternt fyremål i arbeidsbolken. Det er yverført 20 000 kr. frå Fritz Monrad Walles fond til Vestmannalaget. Pengane hev gjenge til den daglege drifti og til lagerleiga.

Vestmannalaget hev vorte tilført 30 000 kronor frå Kari Øpstads nynorskfond.

Two ljosestakar som høyrdet til buet etter Fritz Monrad Walle vart funne i ein bank. Vestmannalaget selde ljosestakane til Ludvig Jerdal for takstpris som for både ljosestakane samla vart 20 000 kr.

Eiga: Laget hev luter i Det norske teatret og i Norsk Bokreidingslag. Laget stjornar Henrik Krohn og Hustrus legat, og sameleis Fritz Monrad Walles fond fro norsk målreising og måldyrking. Det siste kann verdsetjast til umlag kr. 600 000. Kreditkassen varveitslar midlane

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

til Krohnlegatet. Målarstykkjet "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" (av Nils Bergslien) heng i resepsjonen hjå Hotell Hordaheimen.. Laget eig eit målarstykke av Sigurd Wigdal, og nokre andre målarstykke, bøker og gåveting er lagra hjå Ludvig Jerdal.

+ bysta Jon
Sigurdsson

Vestmannalaget er med i desse samskipnadene

Ivar Aasen Sambandet er landssamskipnaden for høgnorskbrukarane

Vestlandske Mållag er fylkeslaget til Ivar Aasen- Sambandet i Hordland

Bergen Sentrum Folkeakademi er lokallag av Hordaland Folkeakademi og arbeider med å formidla offentleg studnad til organisasjonar som Vestmannalaget.

Bygdelagsnemndi vart skipa i 1939. Vestmannalaget hev vore med sidan då. Dei aktive bygdelagi og Bondeungdomslagi er med i nemndi.

Håkons Hallens Venner med einskildmedlemer og lag til medlemer.

Kyrkjemndi skipar til nynorske gudstenestor two eller fleire gonger i året.

Ivar Aasen-tunet er under oppføring i Ørsta/Hovdebygdi. Innskotskapitalen var 10 000 kronor som Vestmannalaget betalte inn for fleire år sidan. Det gjev laget rett til ein målsmann i samskipnaden. Svein Kvamsdal hev vore varamann for Krokvik. Krokvik hev no sagt seg fri for dette tillitsumbodet og Kvamsdal yvertekk.

WESTMANNALAGET I BERGEN

BUDSJETTUTKAST FOR ARBEIDSÅRET 2000.

Stjorni hev vedteke at det skal setjast opp eit budsjett for arbeidsåret 2000. I arbeidet med dette hev eg teke utgangspunkt i rekneskapen for 1998 og fram til no i 1999. Det er ikkje ført opp noko til kontorrekvisita, då eg reknar med at det ikkje trengst nyinnkjøp i 2000. Eg hev lagt til grunn same medlemstalet som no, og at lagspengane aukar til kr. 150.


Nytt av året er at Laget no hev store husleigekostnader (kr. 17.500) medan me t. d. i 1998 hadde bokført kr. 6.610 som tilskot til Norsk Bokreidingslag.

Det er eit spørsmål om me kan få godtgjort noko av desse utgiftene frå Bokreidingslaget?

	Innkomor:	Utløgor:
Lagspengar	kr. 17.500	kr. 17.000
Ref. frå Folkeakademiet	" 3.500	" 8.000
Renter	" 1.000	" 4.000
		" 2.000
Møteutlegg		" 3.000
Lysingar		" 2.500
Gåvor og helsingar		" 2.500
Reiseutlogor for laget sine målsmenn		" 10.000
Telefonutlogor / Kopiering		" 7.500
Porto		" 1.500
Kontingentar (Noregs Mållag/Håkonshalli osb.)		" 3.000
Husleige kontor		=====
Husleige lager		=====
Bankkostnader/Bankboksleige/Branntrygding	kr. 22.000	kr. 61.000
Ymse utlogor		

For å oppnå jamvekt i drifti trengst det soleis yverføring frå fonds og eventuelt refusjon for husleigekostnader med i alt kr. 39.000.

Sæbøvågen, 3. des. 99



NB I dag kom det melding frå Banken om at kr. 30.000 er yverført frå K. J. Øpstads Nynorskfond og kr. 10.000 frå Fritz Monrad Walles fond, slik at me kan pårekna å starta komande år med om lag **kr. 40.000 i eiga.**

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bjørn Tormod Ringdal, Løvåsbakken 21, 5148 FYLLINGSDALEN
Finn Vabø, Bråtet 305, 5152 BØNES
Bjarne Storheim, 5938 Sæbøvågen
Lars Bjarne Marøy, Eliasmarken 14, 5163 LAKSEVÅG
Frøydis Lehmann, Nordåsvegen 183, 5235 RÅDAL
Rasmus R. Kjellevold d.e. Våkleivskogen 97, 5155 BØNES
Kjell Henry Knivsflå, Helleveien 219, 5035 Bergen-Sandviki
Sissel Anny Hjelmtveit, 5912 SEIM

Arbeidsprogram for Vestmannalaget 2000/ 2001

Målpolitisk innleiding med målsetjingar

Til målpolitisk grunnlag/prinsipp for arbeidet i stjorni og i laget ligg lagslovene til Vestmannalaget, Vestmannasynet og fyresegnene til Fritz Monrad Walles fond m.v.

Vestmannalaget hev ei rad kontaktar og samarbeidspartnar både innetter i høgnorskrørsla og utetter i lagslivet i Bergen og Hordaland. Stjorni i laget er merksam på dette og godt orientert um den tradisjonen som ligg bak lagslivet i Vestmannalaget. I arbeidet vårt vil me draga vekslar på denne bakgrunnen. Soleis vil me stødt ha møte og tilskipingar som kann vera til rein hugnad (for negativ formulering !) for medlemene.

Men me ser likefullt at det er fleire nye utbydingar i arbeidet vårt for norsk mål og ålement kulturarbeid. Det er serleg nokre samfunnssektorar som peikar seg ut :

1 Helsestellet og oljesektoren. Målbruken her vil prega daglegmålet i Noreg sterkt. Det er viktig at engelsk og latinsk terminologi tek yverhand og gjer oss framande for dei nye ovringane. Islendingane syner oss veg her. Vestmannalaget må vera i stand til å få sett slike spørsmål som gjeld målet i desse two sektorane på dagsorden i arb. bolken.

2 Internasjonalt hopehav. Kommunikasjonen yver landegrensone er veksande. Men me kjenner likevel lite til korleis andre språksamfund fungerar og korleis utlendingar lærer seg norsk. Upplæringstilbod i nynorsk for utlendingar som vil læra norsk er ikkje til stades. Dette er ein problematikk som målrørsla hev visst um i årevis utan å gjera noko med det. Her må Vestmannalaget setja denne saki på dagsetelen med tyngd.

3 Satelittfjernsyn. Snart vil det verta mogleg å taka inn fleire hundre fjernsynskanalar på eit og same fjernsyn. Me vil få ein mediesituasjon der informasjonsflyten vil verta nisjemerkt. Dvs. at det vil finnast informasjon for alt um alt. Korleis vil nynorsken kunna markera seg når det vert lagt meir og meir press på det ålmenne kulturlivet frå ein kommersielle massekultur i alle

fasettar. Dette er ei enorm utbyding for det norske språksamfunnet, og for dei som skal driva umsetningsarbeid av ulikt slag.

4 Språkteknologi. Det vert stødt nye høve til å produsera språk via datateknologi.

Taleteknologi som vil gjera det mogleg å diktera tekst inn på ei datamaskin er utvikla for engelsk og dei tekniske utformingane av maskinvara vil snart verta måta etter denne nye teknologien. På same tid slit ma nynorskbladi med at dei ikkje får dataprogram som taklar a-infinitiv. Kva vil skje med normeringi av nynorsken i framtidi når retteprogrami yvertek vil nynorsken verta utdatert.

5 Den offentlege sektoren veks kva fylgjor for det for språket, når offentlege organ fram med den informasjonen som brukarar treng. Dette punktet heng saman med punkt 1.

Konkret

Stjorni skal taka sikte på å få kasta ljós yver desse spørsmåli og sektorane i arbeidsbolken. Og Skipa til lagsmøte og eller seminar der desse spørsmåli vert dryfste.

Tiltakspunkt

1 Vestmannalaget skal halda møteaktivitet i tid september-mai. Laget skipar til 7 opne møte, ei festsamkoma og ei utflukt.

2-Stjorni skal arbeida ut og spreida vervetilfang for Vestmannen og Vestmannalaget og spreida det i alle tenkjeleg forum, men serleg um det let seg gjera innanfor dei sektorane som er nemnde i den målpolitiske innleidingi. Målet er å verva 50 nye betalande tingarar av Vestmannen og få 25 nye medlemer i Vestmannalaget. Stjorni skal dela ut Vestmannen two gonger i året på ein offentleg stad.

3- Stjorni freistar å knyta kontaktar med sympatisørar innanfor ulike institusjonar med sikte på å få til samarbeid um å nå måli ovanfor.

4 Laget skal freista å samla tilfang som kann lutast ut på ei tilskiping i laget.

Gode Kolbein Totland

Eg legg ved kvitteringar for lagsvitjing hjå Volda og Ørsta Målungdom under høgnorskdagane i Volda.

Bussbillettane kosta 415 kr. frå Bergen fram til Volda og 418 frå Volda til Bergen. Til saman vert det 833 kr.

Pengane kann setjast inn på kontonummeret mitt :

3625 15 62657

Lars Bjarne Marøy

Eliasmarken 14

5163 LAKSEVÅG

Med venleg helsing

Lars Bjarne Marøy
Lars Bjarne Marøy

Gode Kolbein Totland

Eg legg ved kvitteringar for lagsvitjing hjå Volda og Orsta Målungdom under høgnorskdagane i Volda.

Bussbillettane kosta 415 kr frå Bergen fram til Volda og 418 frå Volda til Bergen. Til saman vart det 833 kr

Pengane kann setjast inn på kontonummeret mitt

3625 15 62657

Lars Bjarne Marøy

Eliasmarken 14

5163 LAKSEVÅG

Med venleg helsing

Lars Bjarne Marøy

Lars Bjarne Marøy

1076 ENKEL 1833
999 17:01 140500
RUTE 150 TUR 702
Volda -> Nordfjorde
RUTE 9150 TUR 702 (->) *
Nordfjorde -> Bergen
RUTE 810 TUR 98 (*)
Volda -> Folkestad
RUTE 9251 TUR 9150 (*)
Lavik -> Oppedal
RUTE 9817 TUR 9150 (*)
Lote -> Anda
Vaksen KR 418

897

0-0615-71897

121100

COGN

Lars Bjarne Marøy
Eliasmarken 14
5163 LAKSEVÅG

Kolbein Totland
Totlandsvegen 370
5123 NESTTUN

6 desember 1999

Gode Kolbein Totland

Eg skal freista å ringja. Det er viktig at me fær gjort følgjande fyrr årsskiftet.

I klarert at pengane frå Opedalsfondet 5000 kr. Kjem inn i Kreditkassen. Dei var yverførde til Kvinnherad. Um dette alt er ordna kann du sjå burt frå dette punktet.

2 Norsk Bladmennalaag skal betala inn pengar for årsmøtelokalet ca 1660 um eg hugsar rett.
Det same skal Ivar Aasen-Sambandet gjera. Dessutan skal Bladmennalaaget betala 1000 kronor
for utlegg ved uppattskipingi. Dette tek eg meg av.

3 Kari Opstads fond skal yverföra 10 000 kronor til oss.

4 Utlegg eg hev høvt med lagsdrifti.

Okonomiutlegg

Lagsbyggjingstur 1 til Oslo på uppmoding

Togtur	1085 kr.
Hotell 2 netter	1000 kr.

Lagsbyggjingstur 2 til Oslo

fly+flytug	725 kr.
Hotell 1 natt	500 kr.
Flytug	120 kr.

Lagssendingar + diverse sendingar

250 kr. 350

Samla utlegg

3680 kr. 3780

Kontonr. mitt er 3625.15.62657


Venleg helsing
Lars Bjarne

Hærry til 593 hr hjem. Hjemmangst til
reisebygget

PASSENGER TICKET AND BAGGAGE CHECK		DATE OF ISSUE SUBJECT TO CONDITIONS OF CONTRACT		FLIGHT COUPON 1 of 2		PASSENGER COUPON	
ISSUED BY SCANDINAVIAN AIRLINES NAME OF PASSENGER/PILOT/COPILOT NAME & ADDRESS/TELEPHONE NUMBER FROM BERGEN		CARRIER ID: 11757 AGT ID: 115 ISSUE DATE: 03/09/75 NAME OF PASSENGER/PILOT/COPILOT NAME & ADDRESS/TELEPHONE NUMBER FROM BERGEN		FARE BASIS: KRSK CLASS OF SERVICE: C CARRIER FLIGHT NO.: SK 0302 REVALIDATION		ISSUED TO: SITI NO ISSUE DATE: 03/09/75 NAME OF PASSENGER/PILOT/COPILOT NAME & ADDRESS/TELEPHONE NUMBER TO OSLO	
VALID ON SK ONLY / SAS SPECIAL RES/RESTR APPLY/NONREF ORIGINAL ISSUE FARE CALCULATION: SK 1182.50SK BG0182.50NOK365.00END		TICKET NO.: 04NOV99 AGT ID: 11757 ISSUE DATE: 03/09/75 CARRIER FLIGHT NO.: SK 0302 ISSUE DATE: 03/09/75 CARRIER FLIGHT NO.: SK 04DEC040EC ISSUED IN EXCHANGE FOR CARRIER FLIGHT NO.: SK 0302 ISSUE DATE: 03/09/75 CARRIER FLIGHT NO.: SK 04DEC0730 ISSUED IN EXCHANGE FOR CARRIER FLIGHT NO.: SK 04DEC0730		TICKET NO.: 04NOV99 AGT ID: 115 ISSUE DATE: 03/09/75 CARRIER FLIGHT NO.: SK 0302 ISSUE DATE: 03/09/75 CARRIER FLIGHT NO.: SK 04DEC040EC ISSUED IN EXCHANGE FOR CARRIER FLIGHT NO.: SK 0302 ISSUE DATE: 03/09/75 CARRIER FLIGHT NO.: SK 04DEC0730		ADDITIONAL SEAT INFORMATION INFO. NO. PCS CK WT. UNCK WT. INFO. NO. PCS CK WT. UNCK WT. INFO. NO. PCS CK WT. UNCK WT. INFO. NO. PCS CK WT. UNCK WT.	
FARE: NOK 365 EQUIV. FARE PAID TAX: NOK 228 QI		FORM OF PAYMENT CASH		INFO. NO. ALLY PCS CK WT. UNCK WT. INFO. NO. 20 PCS CK WT. UNCK WT.		BAGGAGE ID. NR. DOCUMENT NUMBER OPATB 2	
TOTAL: NOK 593							

Printed in Denmark - BORDING INTERNATIONAL

Hotell Bondeheimen



Rom / Room	Ank. dato / Arr.	Avr. dato / Dep.	Rekn.nr.	Side
406	04DES, 99	05DES, 99	000263	I
Namn / Name				
Lars Bjarne Marøy Noregs Mailag Eliasbakken 14 5163 Laksevåg				
Tekst / Text				
04DES	ROM/FRUKOST			Sum / Amount
04DES	KONTANT			500,- 00+
				EV
				500,- 00-
				EV

Best Western
Hotell Bondeheimen
Rosenkrantz' gate 8
N-0159 Oslo

Telefon +47 22 42 95 30
Faks +47 22 41 94 37

Bankgiro 8101.07.00094
Postgiro 0802 2127439

Føretaksregisteret
NO 934 898 842 MVA

, 00



N S B B I X BERGEN 2351 04

K V I T T E R I N G

NSB Reisesenter
P...
29.8KT. 1999
Inn. 55 96 69 00
Fax 55 96 60 61


NSE HAR MOTTATT KR. 1085 00 FRA LARS BJARNE MARBY
FOR KJØP AV BILLETT BERGEN - OSLO T/R INKL SOVEPLASSER

G O D T U R !

UNDERSKRIFT



Hotell Bondeheimen



Rom/ Room	Ank. dato	Avt. dato	Side
417	05.07.2001	07.07.2001	1

Navn / Name:

Lars Berntine Marvig
Norwegs Matlak

Dato / Date	Tekst	Sum / Amount
05.07.2001	KONTANT	1000,00 - 2V

1000,00-

Best Western
Hotell Bondeheimen
Rosenkrantz' gate 8
N-0159 Oslo

Telefon +47 23 21 41 00
Faks +47 23 21 41 01

Bankgiro 8101.07.000094
Postgiro 0802 2127439

Føretaksregisteret
NO 934 898 842 MVA



"gespakte
skal frankeres

adresser, postnr/postkontor

frankør, postmøter

postmøter, postkontor

16-3 L A H S E R I G T

adresse, postnr/postkontor

120

H alto

F O C K E S T A D

ringsadresse

Gatenavn

Tel.nr.



Aktørnummer

9V 0001 127 528 6

Kvittering CE 83 688 972 7 NO
(beholdes av sender)

0 01 98
Føretaksregisteret: 976 949 757 MVA

Adresse

ciggespakte
og frankeres

Postkontor

Hans Christian
Anker
Arkiv

Skrivevej
Vestergade
København

Gadevej

Tekstur

976 449 757 MVA

3



1127 528 6

NO 7



Gjeldende dato

terring (beholdes av sender)

23.11.99

CF 21 173 806 1 NO

9V 0001 127 528 6



3



Nørgespakke 2W 1203

Aktørnummer

Med bokstaver/Med bokstaver
eller skrivemåten av frankemaskin eller datterseddel og signatur

30.09.99
TRENT
Sognsvann

men eller firmastempel/Navn eller firmastempel
Sum

taill	a lit.	Kr.	Øre
ing	<input type="checkbox"/> For videresalg	<input type="checkbox"/> TIL frankering	

MVA
BAA
Gereit

Frimerkeskjep O.A. GEN

Lagssendingar
+ ymse sendingar

Vestmannen

Utgjevar: Vestmannalaget, Bergen

Bladstyrar	: Jostein Krokvik.
	6143 Fiskåbygd
Telefon	: 07 02 14 29
Forretningsførar	: Helge Liland
	Midgålen 16
	5067 Stord Milde
Postgiro	0802 4256392
Bankgiro	8401.21.43027

6143 Fiskåbygd, 19.8.1992

Gode Lars Bjarne Marøy.

Takk for brev og stykke til Vestmannen. Noko er bruk i nr. 6/1992, og elles hev eg stykki liggjande til bruk når det høver med plass og innhald elles i bladet.

Eg tenkte å få sett upp "Vestmannalaget ein brubyggjar", men då eg gjekk nærmare gjennom teksti, kom eg i tvil um sumt (du nemner elles eit og anna i brevet ditt). Difor sender eg det attende saman med nokre merknader som vonleg kann vera til litt gagn:

Gamal um LH. Eg veit ikkje kva LH sjølv meiner, men han er ein liten mannsalder yngre enn Jerdal. Umgrepet er relativt, og LH kjenner seg kanskje i ungdomleg form? Truleg er det tryggast å velja eit ord som røynd eller livsrøynd eller eitkvart anna som hev nøytral tyding eller som i alle tilfelle vert tolka positivt.

Hev LH sjølv sagt at han vart tvinga av umstendi til å reisa til byen, er det du skriv greidt nok. I anna fall bør det knapt skrivast slik. Grunnane til at einkvan gjer det eine eller det andre, kann ofte vera irrasjonelle og sers ihopfløkte.

Båe avsnitti s. 2 er i mine augo uklåre. Ordet tidville tykkjer eg ikkje høyrer heime i samanhengen (ordet tyder helst uviss på kva tid det er - jmf. dagvill, døgervill). Meiningi er vel at verksemndene kjem i vanskår? Æp meiningi snarare at verksemndene hev vorte anakronistiske, er de betre å skriva at dei er i utakt med tidi e.l. - um du ikkje vil bruka framandordet (S.Schjøtt hev med tidvilla for anakronisme i ordboki si i 1908, men ordet hev vel aldri synt gjenomslagskraft, og det er i mange samanhengar framimot uskynleg - og det er fleirtydeleg).

Byrja å skyna ålvoret. Dei byrjæ vel å skyna kor viktuqt eller livsviktugt e.l. det er? Rekkjefylgjor tyder helst rekjkjevidd, som på bokmål rekkefølger. Meiningi er vel fylgjor eller konsekvensar?

Åt folk hev vorte tryggare på seg sjølv, og var meir utrygge i etterkrigsåri, er, for alt eg veit, kanskje rett. Men det er snaudt prova eller sannsynleggjort, og etter mi meining bør det visast stor varsemd med slike ålmenne utsegner. Sjeleleg og åndeleg forkvakling. For meg er det uklårt kva som er meint. Sume vil hevda at sjeleleg og åndeleg her må tyda det same (men det finst nok dei som vil meina det ligg eit tydingsskilje millom ordi).

Side 2 19.8.1992

Sidan du etter brevet og teksti er tvilande til bruken av tidsbindeordi (tidskonjunksjonane) då og når, (jmf. teksti s. 1), legg eg ved ein kopi av det som stend i Leiv Heggstad: Norsk grammatik mindre utg.

I teksti (m.a. s. 1) er brukta formi nøysemd. Eg var ikkje tenkt å brigda på dette, for eg tykkjer ikkje det er viktig. Men kanskje bryt formi aldri so lite med målet i teksti elles (for den som les med lupa). Nøysam/nøysemd kom inn i nynorsk skulemål i 1959. Tidlegare heitte det nøgsam/nøgsemd (jmf. nøgd/fornøgd/nøgdi). Gjerningsordet fekk i 1938 bøygningi nøya, nødde, nøgt; tradisjonelt heitte det nøgja, nødde, nøgt. Men som påymta, eg hev ikkje serlege vanskar med å svelgja dei nye formene nøysam/nøysemd.

Når eg brukar so mykje tid og papir på desse merknadene som eg likevel ottast ikkje er serleg verfulle eller upplysande, so hev det nokon bakgrunn i ynsket um å styrkja den kjernen med skrivingføre og målkunnande ^{ungdomar} som skal avløysa oss som etter kvart dreg på åri. Ein kjerne som kann skriva og redigera på klassisk nynorsk eller høgnorsk, og som hev evna og viljen til det. Det gjeld um å halda høgnorske målformer synlege i vanleg pressa, serleg nynorskpressa. Og det er til domes lite ynskjeleg at bladet Vestmannen flyt eller søkk med nett Jostein Krokvik.

I Vestmannen er det stundom trong til og bruk for heller stutte uppslag - sjå t. d. nr. 6 s. 4 og 5. Men eg reknar med at du er i full gang med eit nytt studieår, og det faglege studiearbeidet må sjølv sagt setjast fremst.

Beste helsing
Jostein Krokvik

Leidulv Hundvin
75 år 3. juni 1997.
Tone: Som Vesterhavet det driv mot strand.

Den tridje juni me veit ein kar som små og store **femner**, dei småe kallar han bestefar og sleikjer seg om tenner. Dei veit so vel på slik ein dag han minst ein is spanderar, og Leidulv med sitt hjartelag han veit kva born vurderar.

Når huslyd samlast om deg i dag og ynskjer held og lukka, dei fylgje hev av vennelag som berre godord brukar. For nettopp slik ein fagnamann me skulðar takk og heider, frå reiselivet i Nordhordland kjem takk frå alle leider.

Ja, dette vart din arbeidsdag, å reisetrongen stetta, når ferdsla i vårt dampbåttag mest over land vart retta. Då vart du og ein sogemann som gamle minne gøynde, og kvar ein båt du veit på namn som fjordafarten røynde.

og du vaks opp i ein kristen heim der salmeskatten rådde, av norsk kultur so gjev ei grein som inn til hjarta nådde. ditt heimemål du og tok med, det vart di reisenista, det gav deg sjølvtru og hjartefred som ærvegull i kista.

Og du er kjend i vår diktarverd, di fritid vel hev nyttar, held ofte tale for lek og lerd so dei med gleda lyttar. Du hovding er i Vestmannlag som du med vyrdnad skjøttar, din kunnskap då i bokleg fag, det er di gode støtta.

Til lukka då med milepel, me helsar deg og kona, ho som hev vore din gode del i alle samlivs tonar. Gjev helsa held i mangelår, i fellesskap og dugnad, so sams interesse og gode kår gjer kvar ein dag til hugnad.

Nils Haukås.

Ivar Aasen-sambandet

Grensa 8
0159 OSLO

Org. nr.: 982 465 938

Oslo, 8. januar 2001.

Til

Styreformann og ettersynsmann i Halldor O. Opedals fond for norsk målreisning og
måldyrking,

Leiar i Norges Mållag,

Leiar i Vestlandske Mållag

Leiar i Vestmannalaget

Leiar i Norsk Bokreidingslag

MELDING UM GODKJENNING AV REKNESKAPANE FYR ÅRI 1986 TIL 1999 OG NY ETTERSYNSMANN.

Styret i Ivar Aasen-sambandet hev dryft stoda i Halldor O. Opedals fond og spørsmålet um
godkjenning av rekneskapane fyr åri frå og med 1986 til og med 1999.

Innleiding

Styret i Ivar Aasen-sambandet vil gjera kjent at det ikkje hev fenge seg fyrelagt rekneskapane
sidan slutten av 1980-talet. Me hev lagt merkje til at heller ikkje dei andre vallagi, utanum
Norsk Måldyrkingslag, hev motteke rekneskapen sidan 1986. Fram til midten av 1980-talet
var det vanlegt at rekneskapsføraren sende rekneskapane fyr fondet til dei fem vallagi. Me
kann ikkje sjå at detta er fylgt upp sidan i alle høve 1986.

Vedtekten til fondet – § 4 – slær uttrykkeleg fast at styri i dei fem vallagi skal få seg fyrelagt
rekneskapen til fondet til godkjenning. Andsvaret fyr at rekneskapen vert sendt til oss ligg på
styret som heilskap og ikkje den einskilte styresmann. Det er merkelegt at ikkje tidlegare
forretningsførar og styreformenn ikkje hev etterøkt godkjenning frå styri i vallagi.

Styret vil segja seg leid fyr og retta skap kritikk til fondsstyri dei siste åri fyr ikkje å hava
sendt rekneskapen til godkjenning hjå vallagi, jfr. § 4 i vedtekten til fondet. Styret er nøgd
med at fondsstyret no ser ut til å vilja etterleva vedtekten som Halldor O. Opedal sette upp.

Styret hev gjort vedtak um å godkjenna alle rekneskapane fyre 1994 utan realitetsfyrehaving.
Detta sidan godkjenningi vil gjelda rekneskapar som er so gamle at godkjenning eller ikkje-
godkjenning ikkje vil kunna påvirka stoda i dag. Ei eventuell ikkje-godkjenning vil ikkje
kunna føra til at medlemene i dei dåverande fondsstyri kann stillast til andsvar for gjerningane
sine.

Ålmene merknader

Styret i Ivar Aasen-sambandet meiner at alle rekneskapane fram til den nye rekneskapen fyr
1999 er presentera på ein slik måte at vallagi og andre ikkje hev eit so godt grunnlag fyr å
taka stilling til drifti og den finansielle stoda til fondet som ein burde. Serlegt gjeld det
jamvekti som ikkje er spesifisera godt nok. Det burde millom anna hava vore notar til
jamvektpostane.

Utlånet burde hava vore bokført under ein serskilt jamvektspost, soleides at andre enn fondsstyret og rekneskapsføraren kunne sjå kor stor del av eigi som er knytta til utlån.

Styret meiner at fondsstyret i alle høve skulle hava endra rekneskapspraksisen sin då fondet vart underlagt rekneskapslogi frå og med 1997. Fyresegni um at stiftingar skulle fylge rekneskapslogi kom i 1995. Fondsstyret havde soleides hatt god tid til å umråda seg.

Då stiftingane vart pliktige til å fylgja rekneskapslogi vart fondet òg pliktig til å hava ein autorisera eller registrera rekneskapsførar, styret kann diverre ikkje sjå at fondsstyret fylgde upp pliki si i høve til denna fyresegni. Den rekneskapsføraren fondet nytta havde ikkje autorisasjon eller registrering, og dimed skulde engasjementet hans hava vore avslutta.

Styret vil og retta skarp kritikk mot fondsstyret av di det ikkje sendt inn rekneskapane til fylkesmannen i Hordaland slik som stiftingslogi pålegg. Det kann diverre sjå ut til at det snarare hev vore vanleg at fondet hev brote fyresegni enn at fondet hev fylgd ho.

Rekneskapen fyr 1994 vart levera i 1996, rekneskapen fyr 1995 vart levera i 1997, rekneskapen fyr 1997 og 1998 vart levera i 2000. Berre rekneskapen fyr 1996 vart levera irett tid. Styret vil retta sterkt kritikk mot forretningsførar fyr at purringar og merknader frå Fylkesmannen ikkje vart, so langt me kann sjå, fyrelagd fondsstyret og vallagi.

Styret vedtok at rekneskapane frå og med 1994 og fram til 1999 skulde fyrehavast serskilt. Detta sidan styret millom anna ynskte å uttala seg um lånet til Stiftinga Regionsoga Nord og Midhordland.

Sjølv um summane er små vil styret kritisera rekneskapsføraren fyr ikkje å hava henta ut fleire av dei årlege avdrottene på lutene i oljeselskapet Saga Petroleum (no Norsk Hydro). Detta syner at styringi av fondseiga ikkje hev vore heilt fullnøgjande i denna tidsbolken.

Rekneskapen fyr 1994

Styret i Ivar Aasen-sambandet godkjener under sterkt tvil og under umsyn til at godkjenning skjer seks år etter årsavslutningi rekneskapen for 1994 slik fondsstyret millombils fastsette han i 1995 med følgjande merknader:

1. Fondsstyret burde hava gjort ei nøygjare fyrehaving av rekneskapen. Han burde hava vore meir upplysande, det burde som minimum hava vore notar til einskilpostane. Fondet var ikkje underlagt rekneskapslogi i 1994, men styret vil retta kritikk mot at den millombils fastsette rekneskapen ikkje inneheld nok upplysingar til å eit godt bilet av serskilt den finansielle stoda per 31.12.1994.
2. Styret vil retta skarp kritikk mot fondsstyret fyr at rekneskapen fyr 1994 ikkje vart levera til fylkesmannen irett tid.
3. Fondsstyret burde hava sytt fyr betre protokollføring av vedtaki sine, og fenge med kven som eventuelt ikkje tok del i saksfyrehavingi grunna ugildskap. Styret vil retta kritikk mot at det ikkje vart protokollført kva som var det formelle saksgrunnlaget fyr utlånet, og kven som tok del i saksfyrehavingi og vedtaket um utlånet. Detta sidan minst ein styrelem og rekneskapsføraren hadde umbod hjå lånemottakaren, og soleides ikkje skulde hava taka del i saksfyrebudningi og vedtaket.

4. a) Fond bør til vanleg ikkje gjeva lån.
b) Skal det gjevast lån skal fondsstyret granska lånemottakaren og gjera seg viss um at han i alle høve er solvent, og han må òg utferda eit skriftlegt gjeldsbrev som fastset lånevilkåri. Styret vil retta skarp kritikk mot fondsstyret og rekneskapsføraren fyr at det ikkje vart ordna med eit gjeldsbrev.
c) Styret vil og retta kritikk mot at det ikkje vart bokført renteinnkomor frå låneengasjementet, jfr. styrevedtaket um 8 % renta p.a.
5. Fondsstyret burde burde det hava oppdaga at rekneskapsføraren yverførde lånesummen fyre lånet vart fyrehavt av fondsstyret. Det at rekneskapsføraren yverførde pengane til Stiftinga Regionsoga Nord og Midhordland fyre styret hadde fenge lånsaki til fyrehaving og vedtaket um utlån var gjort burde hava resultera i at rekneskapsføraren fekk avslutta sitt engasjement. Saki vert meir ålvorleg av at rekneskapsføraren hadde sentrale umber hjå lånemottakaren og at lånemottakaren vart på god veg til å verta insolvent.
6. Styret vil òg retta kritikk mot at styreformann og rekneskapsførar ikkje sende ut rekneskapen til godkjenning hjå vallagi, jfr. vedtekten.

Rekneskapen fyr 1995

Styret i Ivar Aasen-sambandet godkjenner under sterk tvil og under umsyn til at godkjenning skjer fem år etter årsavslutningi av rekneskapen for 1995 slik fondsstyret millombils fastsette han i 1996 med fylgjande merknader:

1. Fondsstyret burde hava gjort ei nøygjare fyrehaving av rekneskapen. Han burde hava vore meir upplysande, det burde minst hava vore notar til einskilpostane. Fondet var ikkje underlagt rekneskapslogi i 1995, men styret vil retta kritikk mot at den millombils fastsette rekneskapen ikkje inneheld nok upplysingar til å gje eit godt bilet av serskilt den finansielle stoda per 31.12.1995.
2. Styret vil retta skarp kritikk mot fondsstyret fyr at rekneskapen fyr 1995 ikkje vart levera til fylkesmannen i rett tid.
3. Fondsstyret burde hava sytt fyr betre protokollføring av vedtaki sine, og fenge med kven som eventuelt ikkje tok del i saksfyrehavingi grunna ugildskap.
4. Styret vil retta kritikk mot fondsstyret fyr ikkje å hava fylgt upp styrevedtaket um utlånet, at lånet skulle hava vore innfridd i 1995.
5. Styret vil og retta kritikk mot at fondsstyret ikkje fylgde upp um lånemottakaren var solvent og soleides i stand til å innfri lånet. Ein eventuell slik gjenomgang burde ha resultera i at fondsstyret gjorde ei tapsavsetnad i høve til utlånet. Detta av di lånemottakaren i 1995 var insolvent.
6. Styret vil retta skarp kritikk mot fondsstyret og rekneskapsføraren fyr at det ikkje vart ordna med eit gjeldsbrev i samband med gjenomgangen av rekneskapen fyr 1995.
7. Styret vil og retta kritikk mot at fondsstyret ikkje sytte fyr at andre enn rekneskapsføraren fylgde upp utlånet, då rekneskapsføraren heilt klårt var ugild til å fylgja upp detta tilhøvet, sidan han òg var rekneskapsførar hjå lånemottakaren.

Rekneskapen fyr 1996

Styret i Ivar Aasen-sambandet godkjenner under sterk tvil og under umsyn til at godkjenning skjer fire år etter årsavslutningi rekneskapen for 1996 slik fondsstyret millombils fastsette han i 1997 med fylgjande merknader:

1. Fondsstyret burde hava gjort ei nøygjare fyrehaving av rekneskapen. Han burde hava vore meir upplysande, det burde som minimum hava vore notar til einskilpostane.

- Fondet var ikkje underlagt rekneskapslogi i 1996, men styret vil retta kritikk mot at den millombils fastsette rekneskapen ikkje inneheld nok upplysingar til å eit godt bilet av serskilt den finansielle stoda per 31.12.1996.
2. Fondsstyret burde hava sytt fyr betre protokollføring av vedtaki sine, og fenge med kven som eventuelt ikkje tok del i saksfyrehavingi grunna ugildskap.
 3. Styret vil retta kritikk mot fondsstyret fyr ikkje å hava fylgt opp styrevedtaket um utlånet, at lånet skulde hava vore innfridd i 1995.
 4. Styret vil og retta kritikk mot at fondsstyret ikkje fylgde upp um lånemottakaren var solvent og soleides i stand til å innfri lånet. Ei eventuell slik gjenomgang burde ha resultera i at fondsstyret gjorde ei tapsavsetnad i høve til utlånet. Detta av di lånemottakaren alt i 1995 var insolvent.
 5. Styret vil og retta kritikk mot at det ikkje vart bokført rett renteinnkomor frå lånneengasjementet, jfr. styrevedtaket um 8 % renta p.a.
 6. Styret vil retta skarp kritikk mot fondsstyret og rekneskapsføraren fyr at det ikkje vart ordna med eit gjeldsbrev i samband med gjenomgangen av rekneskapen fyr 1996.
 7. Styret vil og retta kritikk mot at fondsstyret ikkje sytte fyr at andre enn rekneskapsføraren fylgde upp utlånet, då rekneskapsføraren heilt klårt var ugild til å fylgja upp detta tilhøvet, sidan han òg var rekneskapsførar hjå lånemottakaren.

Rekneskapen fyr 1997

Styret i Ivar Aasen-sambandet godkjenner under sterkt tvil og under umsyn til at godkjenning skjer tri år etter årsavslutningi rekneskapen for 1997 slik fondsstyret millombils fastsette han i 1998 med følgjande merknader:

1. Fondsstyret burde hava gjort ei nøygjare fyrehaving av rekneskapen. Han burde hava vore meir upplysande, det burde som minimum hava vore notar til einskilpostane. Fondet var ikkje underlagt rekneskapslogi i 1997, men styret vil retta kritikk mot at den millombilse fastsette rekneskapen ikkje inneheld nok upplysingar til å eit godt bilet av serskilt den finansielle stoda per 31.12.1997.
2. Styret vil retta skarp kritikk mot at fondsstyret ikkje byrja å fylge rekneskapslogi, og at fondsstyret ikkje sytte fyr å engasjera ein forretningsførar som havde autorisasjon eller registrering som rekneskapsførar.
3. Styret vil retta skarp kritikk mot fondsstyret fyr at rekneskapen fyr 1997 ikkje vart levera til fylkesmannen i rett tid.
4. Fondsstyret burde hava sytt fyr betre protokollføring av vedtaki sine, og fenge med kven som eventuelt ikkje tok del i saksfyrehavingi grunna ugildskap.
5. Styret vil retta kritikk mot fondsstyret fyr ikkje å hava fylgt opp styrevedtaket um utlånet, at lånet skulle hava vore innfridd i 1995.
6. Styret vil og retta kritikk mot at fondsstyret ikkje fylgde upp um lånemottakaren var solvent og soleides i stand til å innfri lånet. Ei eventuell slik gjenomgang burde ha resultera i at fondsstyret gjorde ei tapsavsetnad i høve til utlånet. Detta av di lånemottakaren i 1995 var insolvent.
8. Styret vil og retta kritikk mot at det ikkje vart bokført rett renteinnkomor frå lånneengasjementet, jfr. styrevedtaket um 8 % renta p.a.
7. Styret vil retta skarp kritikk mot fondsstyret og forretningsføraren fyr at det ikkje vart ordna med eit gjeldsbrev i samband med gjenomgangen av rekneskapen fyr 1997.
8. Styret vil og retta kritikk mot at fondsstyret ikkje sytte fyr at andre enn forretningsføraren fylgde upp utlånet, då forretningsføraren heilt klårt var ugild til å fylgja upp detta tilhøvet, sidan han òg var rekneskapsførar hjå lånemottakaren.

9. Styret vil òg kritisera fondsstyret fyr å hava attendeført ei løyving som alt var utreida.
Dimed vert innkomone detta året kr. 10 000, 00 høgare enn reelt.

Rekneskapen fyr 1998

Styret i Ivar Aasen-sambandet godkjenner under sterkt til og under umsyn til at godkjenning skjer two år etter årsavslutningi rekneskapen for 1998 slik fondsstyret millombils fastsette han i 1999 med fylgjande merknader:

1. Fondsstyret burde hava gjort eit nøygjare fyrehaving av rekneskapen. Han burde hava vore meir upplysande, det burde som minimum hava vore notar til einskilpostane. Fondet var ikkje underlagt rekneskapslogi i 1997, men styret vil retta kritikk mot at den millombils fastsette rekneskapen ikkje inneheld nok upplysingar til å eit godt bilet av serskilt den finansielle stoda per 31.12.1998.
2. Styret vil retta skarp kritikk mot at fondsstyret ikkje byrja å fylgje rekneskapslogi, og at fondsstyret ikkje sytte fyr å engasjera ein forretningsførar som havde autorisasjon eller registrering som rekneskapsførar.
3. Styret vil retta skarp kritikk mot fondsstyret fyr at rekneskapen fyr 1998 ikkje vart levera til fylkesmannen i rett tid.
4. Fondsstyret burde hava sytt fyr betre protokollføring av vedtaki sine, og fenge med kven som eventuelt ikkje tok del i saksfyrehavingi grunna ugildskap.
5. Styret vil retta kritikk mot fondsstyret fyr ikkje å hava fylgt opp styrevedtaket um utlånet, at lånet skulle hava vore innfridd i 1995.
6. Styret vil og retta kritikk mot at fondsstyret ikkje fylgde upp um lånemottakaren var solvent og soleides i stand til å innfri lånet. Ei eventuell slik gjenomgang burde ha resultera i at fondsstyret gjorde ei tapsavsetnad i høve til utlånet. Detta av di lånemottakaren i 1995 var insolvent.
7. Styret vil og retta kritikk mot at det ikkje vart bokført rett renteinnkomor frå låneengasjementet det er brukte ein rentefot på 6 % medan styrevedtaket var på 8 %.
8. Styret vil retta skarp kritikk mot fondsstyret og forretningsføraren fyr at det ikkje vart ordna med eit gjeldsbrev i samband med gjenomgangen av rekneskapen fyr 1998.
9. Styret vil og retta kritikk mot at fondsstyret ikkje sytte fyr at andre enn forretningsføraren fylgde upp utlånet, då forretningsføraren heilt klårt var ugild til å fylgja upp detta tilhøvet, sidan han òg var rekneskapsførar hjå lånemottakaren.
10. Styret vil kritisera at fondsstyret og forretningsføraren ikkje hava retta jamvekt i høve til den mis-attendeføringi som skjedde i 1997 og fyr at fondsstyret/forretningsføraren ser ut hava dekt til denna misføringi.

Rekneskapen fyr 1999

Styret hev ikkje fenge tilsendt ettersynsmelding, men me hev havt høve til å ganga i gjenom rekneskapsvedleggi sjølve. Etter gjenomgangen av rekneskapsvedleggi er styret meir viss på at det ikkje var rett å godkjenna den rekneskapen som fondsstyret fyrebils fastsette 8. april 2000. Denna rekneskapen synte ikkje på noko vis eit rett bilæte av den finansielle stoda til fondet per 31.12.1999. Styret er sers nøgd med at engasjementet til forretningsføraren er sagt upp. Styret er òg nøgd med at fondsstyret no ser ut til å taka rekneskaps- og innmeldingspliktene meir ålvorleg.

Styret sluttar seg til dei brigdi som er gjorde av den fyrebilse fastsette rekneskapen frå 8. april 2000.

Styret sluttar seg til framleggi um fylgjande brigde i den fyrebilse rekneskapen:

- Attendeførte løyvingar vert sett til 70 000,00 i staden for kr. 60 000,00, og bokførde som Umframinnkomor/Kravsmenn.
- Minkingi av attendeføringar på kr. 10 000,00 grunna misføringi av løyvingi til Norsk Målungsdom i rekneskapen fyr 1997 vert i staden bokført som Umframkostnad.
- Avdrotti frå Saga Petroleum på kr. 45,50 vert tapsførd som Umframkostnad/Skuldmenn.
- Rett uppsamla rentor, med fråtrekk fyr den akkumulera renta som alt er bokførd, på kr. 17 047,00 vert bokførd som Skuldmenn/Umframinnkome.
- Rett renteinkoma vert førd til Finansinnkoma med kr. 15 478,00 – i staden fyr kr. 10 588,50.
- Tapsavsetnaden vert sett til kr. 101 936,50, og bokførd som Umframkostnad/Tapsavsetnad.

Styret hev serlegt dryfta stoda vedrørande utlånet og fann etter ei samla vurdering å godkjenna storleiken på Tapsavsetnaden, sjølv um styret ser at denna kunna hava vore større. Styret lagde vekt på at dei frie midlane som fondsstyret rår over kann nyttast som tapsavsetnad um heile lâneengasementet skulle tapast. Styret lagde òg vekt på at kommunane og fylkeskommunen er sterkt engasjerte hjå lânemottakaren.

